

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Yrkesopplæringsnemnda</b>
<b>Møtestad:</b>	Forskjønnelsen, 8. etasje, Wigandgården
<b>Dato:</b>	29.08.2017
<b>Tid:</b>	10:00

Det vert med dette kalla inn til møte i Yrkesopplæringsnemnda.

**Tid: Tysdag 29. august 2017**


**Stad: Wigandgården 8. etg. møterom: Forskjønnelsen kl. 10.00**

Til dette møte har Anne Gine Hestetun meldt forfall. Tor Andre Ljosland er kalla inn som vara, men kan ikkje stille.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).



Tom Knudsen  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 37/17	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 38/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 31.05.2017	2017/623	
PS 39/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 3/17	Idrettslinje knytt til yrkesfag	2017/2652	
PS 40/17	Oppdragsspesifikasjon – Pilotmodell for opplærings samarbeid skule næringsliv Bømlo	2016/4130	
PS 41/17	Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Hordaland	2016/2578	
PS 42/17	Endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen	2017/4897	
PS 43/17	Samarbeidsprosjekt mellom vidaregåande skular og næringsliv Nordhordland	2014/10030	
PS 44/17	Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 45/17	Høyringsuttale - forslag til ny lov om fagskoleutdanning og endringar i studentsamskipnadslova	2017/13507	
PS 46/17	Høyring - Innføring av forbod mot plagg som heilt eller delvis dekkjer andletet i barnehagar, skular mm.	2017/6158	
PS 47/17	Ymse		

**PS 37/17 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**



Arkivnr: 2017/623-8  
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	38/17	29.08.2017

### Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 31.05.2017

#### Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 31.05.2017 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Torbjørn Mjelstad  
fagopplæringssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Utval:** Yrkesopplæringsnemnda  
**Møtestad:** Forskjønnelsen, Wigandgården 8. etg  
**Dato:** 31.05.2017  
**Tidspunkt:** 10:00-11:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Leiar	NHO
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Rita Jordal	Medlem	LO
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	Lærlingrepr.

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO
Roger Pilskog	Nestleiar	LO
Atle Rasmussen	Medlem	LO
Lisa Nord Hopland	Medlem	Lærlingrepr.vara

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Tor Andre Ljosland	Anne Gine Hestetun	KRF
Jill Hellem	Roger Pilskog	KS
Elisabeth Refvik	Atle Rasmussen	LO

**Merknader**

Utvalsledar Emil Gadolin var med på møtet

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplæringsjef
Marit Virkesdal	Seniorrådgjevar under sak 34/17
Kjell Helge Kleppstø	Leiar under sak 35/17
Ann-Magritt Juvik	som sekretær

## Sakliste

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 31/17	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 32/17	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 02.05.2017	2017/623	
PS 33/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 2/17	Statusrapport samanslåing Etne/Ølen	2014/23406	
PS 34/17	Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane	2016/33942	
PS 35/17	Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne	2014/16238	
PS 36/17	Ymse		

### **PS 31/17 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

##### **Vedtak**

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

### **PS 32/17 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 02.05.2017**

#### **Forslag til avgjerd**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 02.05.2017 vart tatt til orientering.

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

##### **Vedtak**

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 02.05.2017 vart tatt til orientering.

### **PS 33/17 Referatsaker (meldingar)**

#### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

##### **Vedtak**

Referatsak 2/17 vart tatt til orientering.

### **RS 2/17 Statusrapport samanslåing Etne/Ølen**

## PS 34/17 Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering av dei vidaregåande skulane

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at modell 5 (modell hovudsakleg basert på ein *kombinasjon av elevtal og klassar, pluss særskilde tilskot*) vert hovudmodell for budsjettildeling til dei vidaregåande skulane. Skulebruksplanen gjev den overordna retninga for utvikling av tilbodsstrukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030, og som hovudregel vert det sett krav til at det ikkje blir starta opp tilbod med lågare oppfyllingsgrad enn 85% i høve til full klasse.
2. Rektorane kan omdisponere midlar innanfor budsjetttramma til skulen.
3. Modellen vert evaluert og justert i løpet av 2018.

### Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 09.05.2017

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

- «1. Utvalg for opplæring og helse ønsker å få saken opp til behandling på nytt i førstkommande møte i juni 2017.
2. Administrasjonen bes komme tilbake til utvalget med et notat der man sammenlikner modell 3, 5 og 7 på hvordan man kan tenke seg de ulike modellene vil slå ut på et representativt utvalg av de videregående skolene i Hordaland.
3. Utvalget ber om å få et innblikk i hvilke hensyn som skolene selv mener er viktige å få med i en ny budsjettmodell.»

### Røysting

Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Utvalg for opplæring og helse ønsker å få saken opp til behandling på nytt i førstkommande møte i juni 2017.
2. Administrasjonen bes komme tilbake til utvalget med et notat der man sammenlikner modell 3, 5 og 7 på hvordan man kan tenke seg de ulike modellene vil slå ut på et representativt utvalg av de videregående skolene i Hordaland.
3. Utvalget ber om å få et innblikk i hvilke hensyn som skolene selv mener er viktige å få med i en ny budsjettmodell.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet – 23.05.2017

**Pål Kårbø (KrF)** sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.

Saka bør behandlast i utval for opplæring og helse 7. juni før den vert behandla i fylkesutvalet sitt ekstra møte 13. juni og fylkestinget 13.-14. juni.»

### Røysting

Kårbø sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Saka vert utsett.

Saka bør behandlast i utval for miljø og samferdsel 8. juni før den vert behandla i fylkesutvalet sitt ekstra møte 13. juni og fylkestinget 13.-14. juni.

## **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesutvalet vil gje si innstilling i møte 13. juni 2017.

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

1. Fylkestinget vedtek at modell 5 (modell hovudsakleg basert på ein *kombinasjon av elevtal og klassar, pluss særskilde tilskot*) vert hovudmodell for budsjettildeling til dei vidaregåande skulane. Skulebruksplanen gjev den overordna retninga for utvikling av tilbodsstrukturen for det vidaregåande skuletilbodet i Hordaland fram mot 2030, og som hovudregel vert det sett krav til at det ikkje blir starta opp tilbod med lågare oppfyllingsgrad enn 85% i høve til full klasse.
2. Rektorane kan omdisponere midlar innanfor budsjettramma til skulen.
3. Modellen vert evaluert og justert i løpet av 2018.

### **PS 35/17 Karriere Hordaland - etablering av fylkeskommunale karrieresenter for vaksne**

#### **Forslag til innstilling**

- 1 Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

#### **Tilråding frå Yrkesopplæringsnemnda:**

- 1 Senter for Yrkesretteiing endrar frå 01.10.17 namn til Karriere Hordaland. Det fylkeskommunale karrieresenteret i Bergen skal ha overordna ansvar for det offentlige karriereletteiingstilbodet for vaksne i fylket.
- 2 Karriere Hordaland vert lagt organisatorisk til regionalavdelinga frå 01.10.17. Karriere Hordaland skal tilby gratis og profesjonell karriereretteiing til vaksne og vere eit kompetansepolitisk verkemiddel i arbeidet med partnerskap for karriereretteiing i tråd med statlege føringar på området.
- 3 Karriere Sunnhordland vert frå 01.10.17 organisatorisk lagt som ei eining under Karriere Hordaland, Bergen. Det ny namnet på senteret vert Karriere Hordaland.
- 4 Karriere Hordaland etablerer frå 01.10.17 nytt senter for karriereretteiing på Knarvik innanfor gjeldande økonomiske rammer



## **PS 36/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 31.05.2017**

Tom Knudsen ber om at representant frå EBA blir invitert til neste møte i Yrkesopplæringsnemnda – 29. august i forbindelse med at det har fått godkjenning til å starte opp ny privat skole innan Bygg- og anleggsgag.

Torbjørn Mjelstad orienterte om :

Forslag til ny tilbodsstruktur, høringsfrist er satt til 04/09-17. Ein kan finne høringen på Udir sine sider.

Neste oppsatte møte i Yrkesopplæringsnemnda 01.august blir avlyst.

Arbeidet med regional samfunnskontrakt for Hordaland, det er sendt ut invitasjon til alle partane som har underteikna samfunnskontrakten (sentralt) til drøftingsmøte 28.06.2017.

Emil Gadolin orienterte om at det vil kommen en egen sak om den organisatoriske plasseringen til Elev- og lærlingombodet samt Mobbeombodet.

**PS 39/17 Referatsaker (meldingar)**



## Notat

Dato: 16.08.2017  
Arkivsak: 2017/2652-2  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesordføraren

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Idrettslinje knytt til yrkesfag

**Daniel Charles Hextall (SV)** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag i fylkestinget sitt møte 7. mars 2017:

«Fylkestinget ber utval for opplæring og helse om å sjå på moglegheita for å utgreie ei idrettslinje knytt til yrkesfag.»

Allereie hausten 2009 vart det oppretta eit skuletilbod innan toppidrett for elevar ved yrkesfaglege utdanningsprogram ved Åsane videregående skole.

Tilbodet er retta mot dei beste og mest talentfulle unge idrettsutøvarane i Hordaland som ønskjer ei yrkesretta opplæring. Hordaland var det første fylket som etablerte eit slikt tilbod.

Tilbodet er organisert i samarbeid mellom Åsane vgs og Tertnes vgs. Elevane får sitt yrkesfaglege tilbod ved Åsane vgs og idrettstilbodet gjennom Tertnes vgs. Skuleåret 2017/18 er det fem elevar som får dette tilbodet.

Åsane videregående skole flyttar inn i nytt skulebygg hausten 2020. Det vil vere naturleg å vurdere ei eventuell utvida satsing på toppidrett saman med det nye skuletilbodet.



Arkivnr: 2016/4130-33

Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	40/17	29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

### Oppdragsspesifikasjon – Pilotmodell for opplærings samarbeid skule/næringsliv Bømlo

#### Samandrag

Med bakgrunn i fylkestingsvedtak (FT okt. 2016, sak 72/16 og FT des. 2016, sak 91/16) har fylkesrådmannen starta opp arbeidet med å utvikle ein pilotmodell for yrkesfagleg opplæring i samarbeid mellom skule og næringsliv på Bømlo. Det har sidan januar 2017 vore gjennomført tre møte med representantar frå opplæringsavdelinga, skulane på Bømlo, næringslivet på Bømlo, Bømlo kommune og Opplæringskontoret for mekaniske fag og elektrofag, Bømlo. Partane har i denne prosessen kome fram til ein oppdragsspesifikasjon som felles grunnlag for det vidare arbeidet med utvikling av ein pilotmodell.

#### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek oppdragsspesifikasjon til etterretning og legg denne til grunn for det vidare arbeidet med å utvikle ein pilotmodell.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 14.08.2017

## Oppdragsspesifikasjon - Pilot Bømlo

*Oppdragsgjevar:* Fylkesdirektør opplæring Svein Leidulf Heggheim på vegne av Fylkestinget.

### Bakgrunn og formål for prosjektet

Fylkestinget fatta følgjande vedtak (FT okt. 2016, sak 72/16):

«Rubbestadnes og Bømlo vgs vert slått saman til ein skule og skal heita Bømlo vgs, den nye skulen vert lokalisert på Bremnes.

Det vert utgreidd eit pilotprosjekt ved skolen som skal styrkja samarbeidet mellom næringsliv og skule slik at m.a opplæring som krev kostbare investeringar i verkstadar og bygg innan yrkesdag (TIP), kan gjennomførast ute i bedrift. Kommune og næringsliv vert invitert med i denne prosessen.

Dimensjonering og studietilbod ved den nye skulen skal sikra eit fullverdig tilbod i høve til det ein har i dag og sjåast i samanheng med det øvrige tilbodet i regionen. Det skal vera tilbod innan yrkesfaga TIP og EL på skolen. På sikt skal ein vurdere nytt utdanningstilbod innan havbruk.»

I tillegg var det under budsjetthandsaminga i fylkestinget (FT des. 2016, sak 91/16) fatta slikt vedtak:

«Arbeidet med pilotprosjektet på Bømlo skal starta opp like over nyttår. Målet er ei vidaregåande opplæring basert på tett samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Det skal utarbeidast eit mandat som er tydeleg på eit utviklingsdyktig studietilbod. Rammer for mandatet bør m.a. ta omsyn til at arbeidslivets behov og moglegheiter for bistand til opplæring vil variere. Det skal etablerast ei prosjektgruppe i tett samarbeid med, og med representantar for, skule, kommune og næringsliv. Dette arbeidet skal vera starta opp innan januar 2017, og forslag til innhald i, og gjennomføring av prosjektet skal vera klart innan utgangen av juni. Kostnadane knytt til pilotprosjektet vert dekkja over opplæringsavdelinga sitt budsjett.»

### Definisjon av oppdrag:

«Nye» Bømlo vgs skal i samarbeid med lokalt næringsliv utdanne kompetente fagarbeidarar.

1. Pilotprosjektet si oppgåve er å utvikle, prøve ut og evaluere ein opplæringsmodell innan yrkesfag der elevane i større grad får opplæring i bedrift gjennom integrert praksisopplæring. Vekslingsmodellen kan vere ein viktig referanse for utviklinga av studiemodellen.
2. Opplæringsmodellen må vere slik at den med enkle grep kan tilpassast fleire utdanningsprogram, også studieførebuande utdanningsprogram. Modellen skal bidra til å sikre rett fagkompetanse tilpassa lokalt og regionalt næringsliv.
3. Det skal vurderast om det er tenleg å knytte forskning og ekstern finansiering til pilotprosjektet.

## Effektmål

1. «Nye» Bømlo vgs skal i samarbeid med lokalt næringsliv utdanne kompetente fagarbeidarar.
2. Modellen skal sikre høg kvalitet i opplæringa og bidra til lågt fråfall og høgt læringsutbytte.
3. Modellen skal ha overføringsverdi til andre utdanningsprogram både lokalt og nasjonalt.
4. Det skal utarbeidast evalueringskriterium i utviklingsfasen som skal leggest til grunn i vurderinga av modellen.

Modellen skal mellom anna vurderast med tanke på :

- At den følgjer alle krav som vert stilt i lov, forskrift og læreplan samt dei krav som vert stilt i lovverk til dei involverte samarbeidsbedriftene.
- At den sikrar at samarbeidsbedrifter følgjer alle lovkrav som vert stilt ei opplæringsbedrift.
- At den er arealeffektiv – gjev god utnytting av verkstadareal og ressursar i skule og næringsliv.

## Tentative tids- og kostnadsrammer

Prosjektet vil ha tre hovudfasar:

1. Planleggingsfase 2017: Oppdragsspesifikasjon vert lagt fram til politisk handsaming oktober 2017.
2. Utviklingsfase hausten 2017 til våren 2019: Ferdig prosjektplan til politisk handsaming mars - 2018. Utvikling av økonomiske rammer og formelle avtalar for opplæringsmodell i perioden vår 2018 til vår 2019.
3. Iverksettingsfase hausten 2019 til våren 2023: Utprøving og evaluering av modellen.

Planleggingsfasen krev sakshandsamarressursar ved opplæringsavdelinga. I tillegg vil det vere trong for deltaking frå næringslivet på Bømlo, Bømlo kommune og dei vidaregåande skulane i kommunen.

Utviklingsfasen vil krevje prosjektleiarressurs samt at det vil vere trong for ressursar med kompetanse innan yrkesfaga. Det er naturleg at prosjektleiar er knytt til opplæringsavdelinga. Den yrkesfaglege kompetansen må hentast frå skule og næringsliv.

Prosjektleiarstillinga vert anslått til om lag 20% første året i utviklingsfasen; det same vil gjelde for yrkesfagkompetansen. I tillegg kjem det reisekostnader og kostnader til prosjektsamlingar og møteverksemd.

Stipulerte kostnader haust 2017 – vår 2019

	2017		2018		2019		
Prosjektleiar	kr	75 000	kr	150 000	kr	75 000	
Fagressurs skule	kr	75 000	kr	150 000	kr	75 000	
Fagressurs næringsliv	kr	-	kr	150 000	kr	75 000	
Prosjektsamlingar	kr	25 000	kr	50 000	kr	25 000	
<b>Sum</b>	kr	175 000	kr	500 000	kr	250 000	<b>kr 925 000</b>

Ressurstrong og kostnader vidare i iverksettingsfasen må ein kome attende til i løpet av utviklingsfasen.

## Organisering av prosjektet

### **Planleggingsfasen – vår/haust 2017**

I planleggingsfasen nyttar ein ressursar ved opplæringsavdelinga til utarbeiding av prosjektplan. I tillegg vil det vere trong for deltaking frå næringslivet på Bømlo, Bømlo kommune og dei vidaregåande skulane i kommunen.

### **Utviklingsfasen hausten 2017-våren 2019:**

Det må etablerast ein prosjektorganisasjon med prosjektgruppe og styringsgruppe. Prosjektgruppa skal rapportere til Styringsgruppa (SG). SG skal ha eitt til to møte kvart halvår. Det er styringsgruppa som tek avgjerd i prosjektet. Prosjektleiar (PL) og leiar av styringsgruppa (SL) er ansvarleg for å kalle inn til møte i SG.

### **Iverksettingsfasen våren 2019- 2023:**

Iverksettingsfasen er innfasing av modellen på skulen. Studiemodellen skal vere etablert og i ordinær drift frå 2023. Ytterlegare utgreiing av iverksettingsfasen må ein kome attende til.

Det vidare arbeidet er planlagt med følgjande organisering og representasjon (der dette er avklart):

#### **Styringsgruppe (SG):**

Fylkesdirektør opplæring	Svein Leidulf Heggheim (SL)
Regionleiar	Sissel Øverdal
Rektor Rubbestadnes vgs	Rune Gåsland
Vice pres. HR& Org. development Eidesvik AS	Erling Lodden
Kommunalsjef Bømlo kommune	Bjørn Håvard Bjørklund

#### **Prosjektgruppe (PG):**

Prosjektleiar	
Yrkeskompetanse Rubbestadneset vgs	
Yrkeskompetanse næringsliv	
Rektor Bømlo vgs	Asbjørn Mæland
Opplæringskontoret	Paul Engeseth
Representant for tilsette – Utdanningsforbundet	Tor Gunnar Halleraker



Arkivnr: 2016/2578-3  
Saksbehandlar: Laila Christin Kleppe

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	41/17	29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017

## Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020

### Samandrag

Forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme har i fleire år vore på dagsorden i Norge, Norden og elles i Europa. Regjeringa la fram sin *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme* i 2014, og PST viser i juni 2017 til at arbeidet har vore fruktbart, med betring på enkelte område. For å hindre at denne positive trenden snur, er det avgjerande at det forebyggjande arbeidet framleis vert prioritert høgt. Bergen kommune vedtok i 2015 sin eigen handlingsplan, med utgangspunkt i regjeringa sin plan. I denne planen vart Hordaland fylkeskommune ein viktig samarbeidspart, særleg fordi målgruppa for det forebyggjande arbeidet i stor grad er ungdom i den aldersgruppa som Hordaland fylkeskommune har opplærings- og oppfølgingsansvar for.

I lys av dette legg fylkesrådmannen fram forslag til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* for Hordaland fylkeskommune.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 15.08.2017

Forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme har i fleire år vore på dagsorden i Norge, Norden og elles i Europa. Regjeringa la fram sin *Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme* i 2014, og PST viser i juni 2017 til at arbeidet har vore fruktbart, med betring på enkelte område. For å hindre at denne positive trenden snur, er det avgjerande at det forebyggjande arbeidet framleis prioriterast høgt. Bergen kommune vedtok i 2015 sin eigen handlingsplan, med utgangspunkt i regjeringa sin plan. I denne planen vart Hordaland fylkeskommune ein viktig samarbeidspart, særleg fordi målgruppa for det forebyggjande arbeidet i stor grad er ungdom i den aldersgruppa som Hordaland fylkeskommune har opplærings- og oppfølgingsansvar for.

Regjeringa sin handlingsplan *Forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme* (2014) markerte starten på det nasjonale og regionale arbeidet med å samarbeide om og koordinere det forebyggjande arbeidet. På dette feltet er nordisk og internasjonal kunnskapsdeling avgjerande, og på same vis må innsatsen koordinerast på tvers av ansvarsområde, tverretatleg og tverrfagleg.

### Innhald

Innhaldet i handlingsplanen er strukturert etter modell av regjeringa sin plan:

- Kunnskap og kompetanse
- Samarbeid og koordinering
- Forebygging av tilvekst
- Forebygging internett

Tiltaka i planen er i stor grad knytt til kunnskap og kompetanse, der kursing av lærarar og andre tilsette i skulen, i oppfølgings- og pp-tenesta og på opplæringskontor er sentralt. Tilsette i fengselsundervisninga er ei eiga målgruppe, med tanke på at fengsla er ein særleg utsett arena for radikaliserings.

### Lokalt samarbeid

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har etablert eit godt samarbeid. Politi, SLT ('Samordne Lokale rus- og kriminalitetsforebyggjande Tiltak'), RVTS Vest og Rafto Undervisning deltar i samarbeid om forebygging. Trussamfunn og frivillige organisasjonar er også sentrale i arbeidet med styrking av tilhørsele og forebygging av utanforskap for miljø som er særleg utsette. Kursing av imamar og sommaraktivitetar for ungdom med demokratiopplæring og undervisning om tema radikaliserings (Møhlenpris idrettslag) er døme på dette.

Andre kommunar i fylket samarbeider med politi og RVTS Vest slik det er høveleg for å forebyggje lokalt.

### Prosess:

Regjeringa gav i sin handlingplan mandat til politiet om å samarbeide under utarbeiding av lokale og regionale handlingplanar. Politi Vest sin radikaliseringskontakt, Pål Tore Haga, har deltatt i utarbeiding av handlingsplanen til Hordaland fylkeskommune. Representantar for skuleleiing, elevteneste, elevorganisasjonar, opplæringskontor samt Ungdommens fylkesutval har gitt innspel til planen:

- Rektor Leif Sigurd Danielsen
- Elevinspektør Sissel Riise
- Byggmestrenes Servicekontor ved Jarl Erik Fosse
- Ungdommens fylkesutval ved Andreas Skretting Jansen
- Elevorganisasjonen ved Agathe Waage

*Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* vart presentert i info- og drøftingsmøte 14. juni 2017.



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Handlingsplan for forebygging av  
radikalisering og valdeleg ekstremisme  
2017-2020

## Innleiing

Regjeringa la fram sin «Handlingsplan mot radikaliserings og voldelig ekstremisme» i juni 2014. Forebyggingsarbeidet er sentralt for å sikre grunnleggjande verdiar som demokrati, menneskerettar og tryggleik. Regjeringa såg at det var behov for meir kunnskap, meir samarbeid og betre koordinering av arbeidet på området. Målet med å fange opp personar i risikosona så tidleg som mogleg krev innsats på tvers av fagområde og samfunnssektorar.

Sidan 2015 har fleire kommunar og fylkeskommunar utarbeidd handlingsplanar og rettleiarar. Det same har ulike politidistrikt. Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan byggjer i stor grad på Bergen kommune sin handlingsplan, der Hordaland fylkeskommune er ansvarleg samarbeidspart på fleire tiltak. Bergen kommune sin handlingsplan har regjeringa sin handlingsplan som utgangspunkt, og det same vil gjelde for handlingsplanen til Hordaland fylkeskommune. I prosessen med utarbeiding av planen er også radikaliseringskontakten i Vest politidistrikt deltakar.

Som regjeringa sin handlingsplan vil også denne vere dynamisk, slik at den blir oppdatert ved behov. Tiltaka i planen kjem i tillegg til det kontinuerlege arbeidet med inkludering og styrking av skule- og læringsmiljø, mellom anna gjennom ordninga med elevinspektørar, mobbeombod og elev- og lærlingombod.

Tiltaka i denne planen gjeld for opplæringssektoren på dei områda som Hordaland fylkeskommune har eit ansvar. Tiltaka må i all hovudsak utarbeidast i samarbeid med andre etatar og forvaltningsnivå. Eit viktig samarbeid er med Rafto undervisning og RVTS Vest, som regjeringa har gitt ansvar for kompetanseheving på feltet.

## Aktuelle utfordringar

Arenaene for radikaliserings er blitt fleire og meir komplekse enn på t.d. 1990-talet. Regjeringa peikar på tre utfordringar som særleg gjer arbeidet krevjande:

- Framvekst av internett og sosiale media som virtuell radikaliseringsarena
- Internasjonale forhold som har fått stor betydning for trugsmålssituasjonen, t.d. Norges deltaking i internasjonale aksjonar
- Fare for auka polarisering mellom grupperingar

Det er etablert samarbeid i Norden i form av eit formelt nordisk nettverk innan forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Å styrke kunnskapsdeling av forskning og metodeutvikling, samt erfaringsdeling når det gjeld den praktiske innsatsen er formålet med dette. Tiltak i Hordaland fylkeskommune sin handlingsplan byggjer også på dette samarbeidet.

## Definisjonar og sentrale omgrep

### Valdeleg ekstremisme

Med valdeleg ekstremisme meiner ein personar og organisasjonar som er villige til å bruke vald for å nå dei politiske, ideologiske eller religiøse måla deira. Den valdelege ekstremismen kan være relatert til høgreekstremisme, ekstrem islamisme, m.m.

## Radikalisering

Radikalisering skildrar korleis personar gradvis tar avstand frå dei demokratiske prinsippa i samfunnet og i aukande grad aksepterer bruk av trugsmål og vald for å nå sine politiske, ideologiske og religiøse mål. Radikaliseringsprosessar kan skje innan alle typar livssyn, kulturell bakgrunn og politiske retningar. Prosessen kan skje gradvis, men òg framstå som ei brå endring hjå ein person.

## Radikalisering som fenomen

Ekstreme ytringar i ein radikaliseringsprosess kan utøvast innafor rammene for det som er ytringsfridom. Dette er noko som eit demokrati må vere opent for. Å ha, og å gi uttrykk for slike avvikande haldningar, vil ofte ikkje kunne bli definert som kriminalitet. Det er viktig her å skilje mellom radikaliseringsprosess og det å vere radikal. Det er virkemiddelet, altså viljen til å bruke vald, som er sentral. Politiet kan følgeleg ikkje forebygge meiningar og ytringer berre fordi dei er kontroversielle. Likevel er det viktig å utfordre ein slik retorikk. Målsettinga for politiet er å hindre at prosessen utviklar seg til kriminalitet. Når den radikalisererte går til handling og brukar vald på bakgrunn av religiøs, politisk eller ideologisk overbevisning, kan det true det demokratiske samfunnet vårt.

## Hatkriminalitet

er kriminalitet som har rasistiske, framandfiendtlige eller homofobiske motiv, eller som på ein eller annan måte er retta mot ein person eller gruppe personar - på grunnlag av deira faktiske eller oppfatta gruppetilhørsle. Valdeleg ekstremisme kan vere hatkriminalitet, men òg trugsmål og skadeverk.

## Av-radikalisering

er ein prosess som under gitte føresetnader kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske eller religiøse mål. Det finst få program som nyttast til avradikalisering i Norge i dag. Det blir forska på området, og ein håpar å få fram nye verktøy. Det er ofte individbaserte løysingar som nyttast.

## Nettekstremisme

er radikaliseringsprosess og valdeleg ekstremisme på internett. Nettekstremismen består i å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett, som kan råkast av *straffelova* § 135 om diskriminerande og hatefulle ytringar.

## Utanforskap

eller sosial ekskludering kan forståast som individuelle og strukturelle mekanismar eller barrierar for deltaking på ulike arenaer. Ulikskap i helse, utfordringar med rus, psykiske lidningar, låg deltaking i fritidsaktivitetar, prestasjonspress, ulikskap i økonomi, samt ulike moglegheiter for å følgje utdanningsløp og skaffe seg jobb, er døme på forhold som kan føre til utanforskap.



## Innsatsområde og tiltak

Det er kunnskap og kompetanseheving som er dei viktigaste tiltaka i denne planen, naturleg nok sidan den gjeld for vidaregåande opplæring. Det er samstundes viktig å ha eit godt samarbeid på tvers av etatar og forvaltningsnivå. Politiet har mandat frå regjeringa til å vere med å koordinere arbeidet, og er pålagt å utarbeide handlingsplanar. Kommunar og fylkeskommunar er ikkje det, likevel er der handlingsplanar i mange kommunar og i nokre fylkeskommunar. Fleire av skulane i Hordaland fylkeskommune deltar i nettverk i regi av kommune/politi i eige distrikt. Det gjeld til dømes Voss – Hardanger, Sunnhordland, Askøy, Sotra, Fjell, Øygarden. Det er viktig at koordineringa blir god slik at innsatsen blir retta der han skal.

Planen byggjer på etablerte samarbeidsstrukturar:

### Interne:

Opplæringsavdelinga: Seksjon skule, OT/PPT, Fagopplæring

### Eksterne samarbeidspartar:

- Bergen kommune
- Andre kommunar i Hordaland, via regionleiarar og skulane
- SLT
- Rafto undervisning
- RVTS vest

## Handlingsplanen skal dekkje følgjande innsatsområde:

### 1. Kunnskap og kompetanse

I tillegg til anna kunnskap om forebygging av utanforskap, er spesifikk kunnskap om fenomenet radikaliserings og forståing av prosessane rundt dette nødvendig. RVTS Vest og Rafto undervisning har dei viktigaste kompetansemiljøa i arbeidet. Kursrekker for tilsette i skulane, OT/PPT, fagopplæring og opplæringskontor er viktige tiltak. Undervisningsmaterieil for samfunnsfag (SALTO) er tilgjengeleg for alle skulane.

Bergen kommune har saman med Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein rettleiar for korleis handtere personar som står i fare for å bli radikaliserert. Rettleiaren gir informasjon om handtering og innsikt i temaet.

Ettersom fengselet er ein særleg aktuell arena for radikaliserings, er kompetanseheving for tilsette i fengselsundervisningen eit eige tiltak.

### 2. Samarbeid og koordinering

Forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme krev samarbeid på tvers av etatar og forvaltningsnivå. SLT, Politiet, Bergen kommune og øvrige kommunar i Hordaland må legge til rette

for samarbeid om kompetanseheving og koordinere naudsynte tiltak. Internasjonalt samarbeid er også aktuelt i arbeidet med demokratisk opplæring i skule og arbeidsliv.

### **3. Forebygge tilvekst**

Målet med å lage og distribuere ein rettleiar er først og fremst å hindre radikaliseringsgjennomgang gjennom å gje skule og opplæringsbedrift verktøy til å gripe inn på eit tidleg tidspunkt og slik påvirke eleven og lærlingen i ei anna retning. Alternativa til radikaliseringsgjennomgang må vere til stades, og her er samarbeid med frivillige aktørar gunstig. Ungdommen sjølv kan styre dialogen seg imellom til dømes på dialogmøte arrangert av ungdommens bystyre og ungdommens fylkesutval, og invitere frivillige organisasjonar til dette.

### **4. Forebygging internett**

Lærarar og skulebibliotekarar har moglegheit til kontinuerleg haldningsarbeid i høve god åtfærd gjennom mediebruk. Mobbeombodet og elev- og lærlingombodet har dette som viktig del av mandata deira, og ombodsfunksjonen i seg sjølv er med å halde fokuset skarpt.

## Tiltak 2017-2018

	Tiltak	Ansvar	Tid
1.1	Kurs i forebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme for lærarar og andre tilsette (inkluderer <i>Bookmarks</i> )	HFK, Bergen kommune, Rafto, RVTS Vest	Vår 2016 (pilot) Vinter/vår 2017 Skuleåret 2017/18
1.2	Kompetanseheving for tilsette i oppfølgings-og pp-tenesta	RVTS Vest, Leiing OT/PPT	Vår/Haust 2017 Vår 2018
1.3	Kurs for opplæringskontor og instruktørar	Fagopplæring, RVTS vest (Rafto)	Haust 2017
1.4	Dembra <a href="http://www.dembra.no/">http://www.dembra.no/</a> til interesserte skular	Seksjon skule, Rafto undervisning	2017-2020
1.5	Kompetanseheving av tilsette i fengselsundervisninga	Åsane vgs, Rafto Undervisning og RVTS Vest	Haust 2017
1.6	Deltaking i pilot: 3-dagars trening for nordiske skuleleiarar og lærarar på Utøya: <i>Teaching controversial issues and managing controversy in nordic countries</i> . 13 skular totalt, 2 frå HFK (Årstad, Askøy)	Nordisk råd Wergelandsenteret	Mai 2017
1.7	Oppdatert undervisningsmateriell (SALTO) samfunnsfag VKI og VKII ut til skulane	Seksjon skule/fagnettverk samfunnsfag	Haust 2017
2.1	Samarbeid om mentorordning	Bergen kommune, Øvrige kommunar i Hordaland, HFK opplæring	Jamnleg ved behov
2.2	Deltaking i regional ressursgruppe -kunnskapsdeling, kompetanseheving	Regionleiar Rådgivar	2-4g pr år
2.3	SLT-samarbeid, rus- og kriminalitetsforebyggande seminar	Seksjon skule, OT/PPT	Jamnleg



2.4	Internasjonalt samarbeid om demokrati	Seksjon skule, internasjonalisering  Fleire skular	2017/2018
3.1	Gjere kjent rettleiar for handtering av bekymring, utarbeidd i samarbeid med Bergen kommune <a href="#">Bergen komm_veileder_17_UTK15032017.pdf</a>	Seksjon skule, regionleiarar	Haust 2017
3.2	Tilbod om foredrag om forebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme,  2 skuletimar, elevar/lærarar	Seksjon skule,  Politiet sin radikaliseringskontakt, Pål Tore Haga	Haust 2017  Vår 2018
3.3	Samarbeid med frivillige aktørar  -Sommercamp v MIL  -Dialogmøter mellom ungdom	Lokale samarbeid  Ungdommens bystyre, UFU, EO	Haust 2017  Vår 2018
4	Informasjons-og haldningsarbeid om nettbruk, kjeldekritikk mm  Tilbod om kompetanse om nettradikalisering	Mobbeombod, Elev- og lærlingombod  Skulebibliotekarar  Koordinator skulebibl.	Jamnleg   Vår 2018



Arkivnr: 2017/4897-1  
Saksbehandlar: Gerd Kjersti Ytre-Arne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	42/17	29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017

### Høyring - Endringar i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen

#### Samandrag


På vegne av Kunnskapsdepartementet har Utdanningsdirektoratet ei høyring som omhandlar endring i den yrkesfaglege tilbudsstrukturen. Målet for ein ny struktur er for det første at fag- og yrkesopplæringa skal bli meir relevant ut frå behovet for faglært kompetanse, og at fleire bedrifter i større grad skal nytte lærlingordninga for å rekruttere arbeidskraft. For det andre skal endringa bidra til meir motiverte elevar og ei meir relevant opplæring som er retta mot eit yrke eller grupper av yrke. Det er lagt vekt på at ein ny struktur skal gi konsistente opplæringsløp frå Vg1 til Vg3 med god progresjon fram til dei lærefaga og yrka som opplæringa skal førebu til. Forslaget til ny struktur for yrkesfaga er ein nasjonal struktur, og skal derfor vere eit godt grunnlag for fagopplæring i heile landet.

Forslaga om endringar i tilbudsstrukturen gjeld mellom anna at utdanningsprogram for design og handverk blir delt i eit nytt utdanningsprogram for design og eitt for tradisjonshandverk. Det er foreslått at service og samferdsel skal heite handel, og dei fleste programområda i noverande struktur blir enten lagt ned eller flytta til andre utdanningsprogram.

Det er totalt over 100 små og store endringar som er foreslått. I mange utdanningsprogram er det forslag om oppsplitting eller samanslåing av Vg2-tilbod og lærefag, forslag til nye Vg2-tilbod eller lærefag, flytting av Vg2-tilbod og lærefag mellom utdanningsprogram, og dessutan endringar i opplæringsmodellar og namneendringar. Fullstendig liste over alle høyringsspora ligg som vedlegg til saka.

I høyringa ønskjer UDIR innspel på Kunnskapsdepartementet sitt forslag om å innføre fordjupingar for lærefag på Vg3/opplæring i bedrift. I nokre av lærefaga er det konkrete forslag om å innføre fordjuping, og desse forslaga blir omtala i tilknytning til det aktuelle utdanningsprogrammet.

## UDIR sitt forslag til ny struktur



## Vidare prosess

2017 – 2018

Prioritering av innhald i læreplanane og utvikle kjerneelement i dei ulike faga.

2018 - 2019

utvikling av læreplanar og støtteressursar

2019 - 2020

Skulane jobbar med læreplanverket og førebur seg på å ta det i bruk.

2020 - 2021

Planen er at dei nye læreplanane blir tatt i bruk.

Høyringsprosessen i fylkeskommunen har vore brei, og det har vore mange fagpersonar involvert. Mellom anna har fylkesdirektør opplæring sine faglege nettverk vore tett på. Dei har tatt høyringa opp med aktuelle skular og lærarar, og har deretter sendt inn ei felles tilbakemelding. Også rektorane og skulane har fått tilbod om å delta i prosessen.

## UDIR sine forslag til endringar

1. **Fordjupingar for lærefag på Vg3/opplæring i bedrift**

- Det er foreslått fleire fag med fordjuping på BA og TIP
- Redusere talet på lærefag ved at lærefag med mange felleselement blir slått saman til eitt felles lærefag.
- Forslaget inneber at nokre lærefag kan delast i ein større fellesdel, og i tillegg valbare fordjupingar.
- Fordjupingane skal rettast mot spesifikke bransjar eller område i lærefaget.
- Opplæring i bedrift skal fortsatt ta utgangspunkt i verksemda og produksjonen i lærebedrifta, og fagprøva tilpassast valt fordjuping
- Fordjupingane er foreslått på BA og TIP

2. **Bygg- og anleggsteknikk**

- Det blir tilrådd ein større grad av fagspesialisering på Vg2 ved å dele:
- Vg2 byggteknikk i
  - Vg2 tømrrar

- Vg2 betong og mur
  - Vg2 klima, energi og miljøteknikk i
    - Vg2 rør
    - Vg2 ventilasjon, taktekking og membran.
  - Det er også foreslått å slå saman enkelte lærefag, men behalde kompetansen gjennom å innføre fordjuping på Vg3
  - Fleire tilbod er foreslått flytta frå andre utdanningsprogram
    - Trehandverksfaga (bl.a. møbelsnekkar) og trebåtbyggjarfaget frå utdanningsprogram for design og handverk
    - Anleggsgartnarfaget frå utdanningsprogram for naturbruk.
- 3. Design og handverk**
- Utdanningsprogrammet er foreslått delt i to nye utdanningsprogram:
    - Utdanningsprogram for tradisjonshandverk, for dei små og verneverdige handverksfaga
    - Utdanningsprogram for design. Utdanningsprogram for design skal blant anna føre fram til programområda Vg2 frisør, Vg2 blomsterdekoratør, Vg2 interiør og utstillingsdesign og Vg2 medieproduksjon.
  - Det er foreslått at programområdet Vg1 medieproduksjon blir lagt ned, og at lærefaga skal vidareførast i eit nytt utdanningsprogram for design. Lærefaget mediedesign er foreslått lagt ned.
  - Det vert foreslått i tillegg å legge ned enkelte lærefag, og å flytte enkelte programområde og fagbrev til andre yrkesfaglege utdanningsprogram
- 4. Elektrofag**
- Opprette ventilasjonsteknikk som nytt lærefag
  - Viklarfaget er foreslått lagt ned
  - Får tilført nye fag som låsesmed og IKT-servicefag
  - Mindre justeringar i dei lærefaga som i dag er ein del av utdanningsprogrammet
- 5. Helse- og oppvekstfag**
- Innføre valfrie programfag i Vg2 helseservicefag
  - Flytte programområdet Vg2 aktivtør frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag.
- 6. Naturbruk**
- Innføre valfrie programfag innan landbruk og gartnarnæring,
  - Opprette eit nytt programområde Vg2 dyrehald.
  - Forslag om å dele programområdet Vg2 heste- og hovslagarfaget. Hovslagarfaget er foreslått vidareført som særløp og hestefaget i et nytt Vg3 dyrehald.
  - Anleggsgartnarfaget er foreslått flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og at idrettsanleggsgfaget blir lagt ned.

7. **Restaurant- og matfag**
- Fagnemninga institusjonskokk er foreslått endra til ernæringskokk
  - Butikkslaktarfaget og sjømathandlarfaget. blir slått saman til ferskvarekokk
8. **Service og samferdsel**
- Fagnemninga er foreslått endra frå service og samferdsel til Vg1 handel, samt at det blir oppretta eit eige programområde for Vg2 handel.
  - Programområdet Vg2 transport og logistikk er foreslått flytta til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
  - Programområdet Vg2 IKT-servicefag vert flytta til utdanningsprogram for elektrofag.
  - Kontor- og administrasjonsfaget er foreslått lagt ned, eller vidareført på eit nytt utdanningsprogram for handel.
  - Reiselivsfaget vert vidareført som yrkesfag eller vert flytta til studieførebuande utdanningsprogram
  - Sikkerheitsfaget er foreslått lagt ned.
9. **Teknikk og industriell produksjon**
- Det er foreslått å legge ned eller slå saman fleire av dei smale og små lærefaga. Mange av desse faga er foreslått å overføre til fordjupingar på Vg3.

### Forslag til innstilling

1.	<b>Fordjuping på Vg3/opplæring i bedrift</b>
1.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å etablere fordjupingar på Vg3/opplæring i bedrift
1.2.	Utval for opplæring og helse stiller seg positiv til dei føreslåtte rammene og meiner prinsippa er dekkande og føremålstenlege.
2.	<b>Bygg og anleggsteknikk</b>
2.1.	Utval for opplæring og helse støttar å dele: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg2 byggteknikk i <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vg2 tømrrar</li> <li>○ Vg2 betong og mur</li> </ul> </li> <li>• Vg2 klima-, energi- og miljøteknikk i <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vg2 rør</li> <li>○ Vg2 ventilasjon, takteking og membran.</li> </ul> </li> </ul>
2.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å opprette eit nytt Vg3 anleggsteknikk med følgjande fordjupingsområde: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg3 vegdrift og vegvedlikehald</li> <li>• Vg3 anleggsmaskinførarfaget</li> <li>• Vg3 asfaltfaget</li> <li>• Vg3 banemontørfaget</li> <li>• Vg3 fjell- og bergverksfaget</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg3 veg- og anleggsfaget</li> <li>• Vg3 anleggsrørleggar</li> </ul>
2.3.	<p>Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å opprette eit nytt Vg3 treindustri med følgjande fordjupingsområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg3 limtreproduksjonsfaget</li> <li>• Vg3 trelastfaget</li> <li>• Vg3 trevare- og bygginnreiingsfaget</li> </ul>
3.	<b>Design og tradisjonshandverk</b>
3.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å dele utdanningsprogrammet for design og handverk i to med følgjande merknader:
3.1.1.	Namnet på tradisjonshandverk bør vere Kulturhandverk
3.1.2.	Namnet på design bør vere Design og handverk
3.2.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å flytte trearbeidsfaga til bygg- og anleggsteknikk
3.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å vidareføre Vg2 medieproduksjon som ein del av eit nytt Vg1 design
4.	<b>Elektrofag</b>
4.1.	Utval for opplæring og helse støttar å endre fagnemninga for Vg2 data og elektronikk til Vg2 datateknologi og elektronikk
	Utval for opplæring og helse støttar å endre fagnemninga for Vg2 elenergi til Vg2 elenergi og ekom.
4.2.	Utval for opplæring og helse støttar at Vg2 kulde og varmepumpeteknikk endrast til Vg2 varmepumpe og ventilasjonsteknikk,.
4.2.1.	Utval for opplæring og helse støttar å opprette ventilasjonsteknikk som nytt lærefag
4.3.	Utval for opplæring og helse støttar å flytte låsesmedfaget frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon til utdanningsprogram for elektrofag
4.3.1.	Utval for opplæring og helse støttar at lærefaget i låsesmed endrar opplæringsmodell frå særloop (1+3) til å følgje ein 2 +2-modell.
4.4.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> at viklarfaget blir lagt ned.
5.	<b>Helse og oppvekstfag</b>
5.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å innføre valfrie programfag i helseservicefaget, helsesekretær, tannhelsesekretær og apotektekniikk
5.2.	Utval for opplæring og helse meiner at valfrie programfag <i>ikkje</i> kan erstattast av faget yrkesfagleg fordjuping (YFF)

5.3.	Utval for opplæring og helse meiner at innføringa av valfrie programfag vil avgrense elevane sine val til Vg3
5.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å flytte programområdet Vg2 aktivtør frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag.
6.	<b>Naturbruk</b>
6.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å flytte Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og får namnet Vg2 anleggsgartnar.
6.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å leggje ned idrettsanleggsfaget som eige lærefag
6.2.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at dei delane av Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg som omhandlar innandørs idrettsanlegg vert flytta til byggdriftarfaget som er eit særløpsfag (1+3).
6.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å innføre valfrie programfag innan landbruk og gartnarnæringa.
6.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å opprette eit nytt Vg2 tilbod i dyrehold med følgjande kommentarar
6.4.1.	Namnet på det nye faget må vere Vg2 dyrefag, og fagutøveren må vere dyrefagarbeidar
6.4.2.	Faget må bli eit lærefag med 2+2-modell
7.	<b>Restaurant og matfag</b>
7.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å dele Vg2 matfag i <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vg2 bakar- og konditor</li> <li>• Vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri</li> </ul>
7.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å slå saman Vg3 butikklaktarfaget og Vg3 sjømathandlarfaget til Vg3 ferskvarekokk.
7.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å leggje ned Vg3 sjømatproduksjon som eige lærefag og la faget bli ein del av Vg3 industriell matproduksjon.
7.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å endre namn frå Vg3 institusjonskokk til Vg3 ernæringskokk.
8.	<b>Service og samferdsel</b>
8.1.	Utval for opplæring og helse er samd i at det blir oppretta eit nytt utdanningsprogram for handel.
8.2.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å leggje ned Vg3 kontor- og administrasjonsfaget
8.3.	Utval for opplæring og helse er samd i at Vg3 sikkerheitsfaget blir lagt ned.

8.4.	Utval for opplæring og helse støttar at Vg2 reiseliv blir vidareført som eit studieførebuande løp på yrkesfag.
8.5.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget å flytte programområdet Vg2 og Vg3 IKT-servicefag til utdanningsprogram for elektrofag.
8.6.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at yrkessjåførfaget blir vidareført i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
8.7.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å vidareføre logistikkfaget i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
9.	<b>Forslag til vedtak - teknikk og industriell produksjon</b>
9.1.	Utval for opplæring og helse støttar <i>ikkje</i> forslaget om å slå saman Vg2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefag til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag.
9.2.	Utval for opplæring og helse støttar forslag om at chassispåbyggarfaget blir lagt ned som lærefag og blir ein del av Vg3 industrimekanikarfaget
9.3.	Utval for opplæring og helse støttar forslag om at følgjande fag <ul style="list-style-type: none"> <li>○ modellbyggerfaget</li> <li>○ finmekanikarfaget</li> <li>○ verktøymakararfaget</li> <li>○ dimensjoneringskontrollfaget,</li> </ul> <p>blir lagt ned og erstatta med fordjupingsområde til val i læreplanen på Vg3 CNC maskineringsfaget.</p>
9.4.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at det blir oppretta eit nytt Vg3 plastfag med følgjande fag: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Vg3 termoplastfaget</li> <li>○ Vg3 polymerkomposittfaget</li> <li>○ Vg3 plastmekanikarfaget</li> </ul>
9.5.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at Vg3 gjenvinningsfaget skal følgje hovudmodellen (2+2) og at faget skal byggje på Vg2 industriteknologi
9.6.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om å endre opplæringsmodellen for Vg3 låsesmedfaget frå særlopsmodell til ordinær 2+2-modell.
9.6.1.	Utval for opplæring og helse støttar forslaget om at låsesmedfaget blir flytta til utdanningsprogram for elektrofag, slik at det byggjer på Vg2 automatisering.



Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Alle spørsmål i høringa

## Fylkesrådmannen, 19.06.2017

### 1. Fordjuping på Vg3/opplæring i bedrift

Bakgrunnen for forslaget om for å innføre fordjuping på Vg3/opplæring i bedrift er å få redusert talet på lærefag ved at fag med mange felleselement blir slått saman til eitt felles lærefag. Føresetnaden er at den spesifikke kompetansen knytt til det opphavlege lærefaget blir ivaretatt og vidareført som fordjuping i eit nytt felles lærefag. Forslaget inneber at nokre lærefag har ein større fellesdel, og i tillegg fordjupingar til val. Fellesdelen skal utgjere den største delen av lærefaget. Fordjupingane skal rettast mot spesifikke bransjar eller område i lærefaget. Opplæring i bedrift skal fortsatt ta utgangspunkt i verksemda og produksjonen i lærebedrifta, og fagprøva skal tilpassast valt fordjuping.

Ved samanslåing av lærefag aukar ein den faglege breidda. Ved å få breiare lærefag med fordjuping kan fagarbeidaren lettare veksle mellom ulike bransjar, og dermed aukar både fleksibilitet og vilkåra for å få arbeid. For arbeidsgivarar betyr dette at dei får eit breiare rekrutteringsgrunnlag.

Men dersom fordjupingane blir for spesifikke og blir tilpassa bestemte produkt og teknikkar, kan dette gi dårlegare mobilitet for fagarbeidarane og gjere dei utsette for endringar i arbeidsmarknaden. Ein risiko kan vere at fordjupinga i praksis blir rekna som sjølv lærefaget og kan dermed redusere framtidige høve til val i arbeidsmarknaden, fordi fagarbeidaren har "feil" fordjuping. Dette kan utløyse krav om ny læretid og/eller ny fagprøve ved skifte av arbeid. Enkelte bedrifter har også behov for ein brei kompetanse hjå fagarbeidaren, og vil derfor ikkje ønske fordjupingar. Innføring av nasjonale fordjupingar vil også kunne bli oppfatta som rigide ordningar og medføre meir byråkrati for lærebedriftene.

I dag har søkjarar som ikkje får læreplass, rett til opplæring i skule i lærefag som byggjer på det programområdet (Vg2) eleven har fullført. Det same vil gjelde for eventuelle fordjupingar på Vg3 i skule. Det er fylkeskommunen som avgjer kva for fordjupingar som blir tilbydd på Vg3 i skule.

For å skilje mellom kva som er fag-/sveinebrevet og kva som er fordjuping, er det foreslått at fordjupingsfaget er dokumentert på eit vedlegg til fag-/sveinebrevet.

Nokre faglege råd ønskjer innføring av fordjuping med nasjonale rammer. Fordjuping i lærefag skjer også i dag, men på lokalt nivå basert på bedrifta sin produksjon. For å sikre ein felles praksis i ei eventuell utforming av slike nasjonale rammer ber UDIR om innspel på dette.

Forslag til nasjonale rammer for innføring av fordjupingar og regulering av fordjupingar til val på Vg3/opplæring i bedrift:

1. Det er lærebedrifta som avgjer kva fordjupingar dei kan tilby
2. Lærlingen skal ha opplæring i éi fordjuping
3. Fordjupinga skal gå fram av lærekontrakten
4. Fordjupinga er retta inn mot ulike område av lærefaget
5. Fellesdelen skal utgjere den største delen av lærefaget
6. Dersom det skal opprettast fordjupingar i eit lærefag, skal det minimum vere to fordjupingar til val i tillegg til fellesdelen
7. Fordjupingar skal vere utforma slik at dei er haldbare over tid
8. Valt fordjuping skal dokumenterast på vedlegg til fag- eller sveinebrevet
9. Ved ønskje om fordjupingar i lærefag skal fagleg råd grunngi behovet. Oppretting av fordjuping skal følgje same rutine og prosedyrar som andre endringar i tilbodsstrukturen.

Fylkesrådmannen meiner at fagopplæringa er ei god og fleksibel ordning slik ho fungerer i dag, men meiner likevel at ei ordning med fordjupingar vil gjere at elevane blir meir fleksible. Vidare meiner fylkesrådmannen at det bør innførast nasjonale rammer, og at dei forslaga som ligg føre i høyringa er dekkande. Fylkesrådmannen støttar derfor dei to forslaga som ligg føre frå UDIR.

## 1. Bygg og anleggsteknikk

### 1.1. Det er foreslått å dele Vg2 byggteknikk i

- Vg2 tømrar
- Vg2 betong og mur.

Det er foreslått å dele Vg2 klima-, energi- og miljøteknikk i

- Vg2 rør
- Vg2 ventilasjon, takteking og membran.

Årsaka til forslaga er at breidda i enkelte tilbod på Vg2 er ei utfordring, særleg når det gjeld lærefag med få felleselement. Elevar som orienterer seg tidleg mot enkelte lærefag, oppfattar at opplæringa på Vg2 er for lite retta mot ønska yrke eller lærefag. Fagleg råd for bygg- og anleggsteknikk grunnir forslaget med at det er behov for tidlegare spesialisering i Vg2. På den andre sida kan ei slik deling gjere at det blir vanskelegare for fylkeskommunen å tilby begge dei nye Vg2-tilboda. Dette vil avhenge av kor mange elevar som søker nye Vg2-tilbud, og om det er bedrifter som etterspør lærlingar innan desse lærefaga. UDIR ber om at det blir tenkt over om ei slik deling kan innebere risiko for redusert fullføring i vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen meiner at det vil vere ein stor fordel for elevane og utdanninga at faga får ein tydelegare profil. Tradisjonelt er det mange elevar som ønskjer å bli tømrar, mens det er svært få som søker seg til betong- og murarfaget.

Fylkesrådmannen ser at det kan bli ei utfordring med dimensjoneringa, men meiner at ein tydelegare profil vil bidra til at fleire søker og at fleire fullfører.

Fylkesrådmannen stiller seg derfor positiv til å dele faga opp i fleire Vg2-løp.

### 1.2. Det er foreslått at følgjande fag blir fordjupingsområde i eit nytt Vg3 anleggsteknikk:

- Vg3 anleggsmaskinførarfaget
- Vg3 asfaltfaget
- Vg3 banemontørfaget
- Vg3 fjell- og bergverksfaget
- Vg3 veg- og anleggsfaget
- Vg3 vegdrift og vegvedlikehald
- Vg3 anleggsrørleggar

### 1.3. Det er foreslått at følgjande fag blir fordjupingsområde i eit nytt Vg3 treindustri

- Vg3 limtreproduksjonsfaget
- Vg3 trelastfaget
- Vg3 trevare- og bygginnreiingsfaget

UDIR meiner at eitt felles lærefag i Vg3 anleggsteknikk og eit nytt Vg3 treindustri kan bidra til auka fleksibilitet for fagarbeidarar og bedrifter. Fagleg råd for bygg- og anleggsteknikk argumenterer for at fellesskapen mellom dei eksisterande lærefaga er tilstrekkeleg til at dei kan bli slått saman dersom kompetansen vert vidareført som fordjupingsområde.

Ut frå dei vurderingane som er gjort i del 1 om fagleg fordjuping, stiller fylkesrådmannen seg positiv til desse forslaga.

## Forslag til struktur

1. år	2. år	3. år	4. år
Bygg og anleggsteknikk	Anleggsgartner *	Anleggsgartner	
	Anleggsteknikk **	Anleggsteknikk m/moglege fordjupingsområde	
	Betong og mur	Betongfaget	
	Møbel og treteknikk	Murarfaget	
	Overflateteknikk	Treindustri m/ moglege fordjupingsområde	
	Rør	Møbelsnekkarfaget	
	Tømrar	Industralmarfaget	
	Tak, membran og takteking	Malarfaget	
		Rørleggjarfaget	
		Stillasbyggjarfaget	
		Tømrarfaget	
		Tak og membrantekkarfaget	
		Ventilasjons- og blikkenslagarfaget	
		Isolatørfaget	
		+ ei rekke særlop	

Opplæring i skule  
 Opplæring bedrift

### 3. Design og handverk

Lærefaga som er samla i dagens utdanningsprogram for design og handverk/medieproduksjon fører fram til svært ulike yrke og bransjar. UDIR føreslår derfor å dele utdanningsprogram for design og handverk i to nye utdanningsprogram:

- utdanningsprogram for tradisjonshandverk
- utdanningsprogram for design

3.1. Utdanningsprogrammet for tradisjonshandverk skal føre fram til følgande programområde (dagens fagnemning i parentes):

- Vg2 duodji (Vg2 design og duodji)
- Vg2 søm og tekstil (Vg2 design og tekstil)
- Vg2 gull- og sølvsmedhandverk (Vg2 design og gullsmedhandverk)
- Vg2 smed
- Vg2 ur- og instrumentmakar
- Vg2 trearbeid, vurdert flytta til utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk (design og trearbeid)
- Vg2 børsemakar, vurdert flytta til utdanningsprogrammet bygg- og anleggsteknikk


## Tradisjonshandverk forslag til struktur



### 3.2. Utdanningsprogrammet for Vg1 design fører fram til følgjande programområde:

- Vg2 frisør
- Vg2 blomsterdekoratør
- Vg2 interiør og utstillingsdesign
- Vg2 medieproduksjon

## Forslag til struktur



Fylkesrådmannen meiner at å dele opp utdanningsprogrammet i tradisjonshandverk og design er ei god løysing. På denne måten vil elevane oppleve ei tidlegare og tydelegare opplæring på Vg1 noko som også kan bidra til å styrke faga og fagmiljøa. Men fylkesrådmannen meiner at namnet tradisjonshandverk ikkje klarer å fange opp at dette er fag som også er opptatt av nytenking, innovasjon og design, både i vår tid og i framtida. Fylkesrådmannen går derfor inn for at namnet blir *Kulturhandverk*. Fylkesrådmannen meiner vidare at namnet design er lite dekkande for dei handverksfaga som inngår i dette utdanningsprogrammet, og at det kan vere vanskeleg å skilje mellom yrkesfaget og det studieførebuande utdanningsprogrammet for kunst, design og arkitektur. Fylkesrådmannen tilrår derfor at namnet blir *design og handverk*.

UDIR foreslår at Vg2 design og tekstil og tilhøyrande lærefag skal vere ein del av utdanningsprogrammet for tradisjonshandverk, og namnet er foreslått til Vg2 søm og tekstilhandverk. Det fylkeskommunale faglege nettverket innan design og handverk er svært skeptisk til dette. Dei meiner det er viktig å knyte design og tekstil til nyskaping og framtida, ikkje mot fortid og bevaring. Dette synet blir også støtta av Fagleg råd for design og handverk, som jobbar for å auke kvaliteten i handverksfaga på vidaregåande nivå. Dei har foreslått at det blir oppretta fem nye utdanningsprogram, og at søm og tekstilstiltdesign blir eit eige utdanningsprogram. UDIR på si side meiner at det vil vere eit for dåleg elevgrunnlag til å opprette eit slikt utdanningsprogram. Fylkesrådmannen er samd i UDIR si grunngiving og kan ikkje støtte eit slikt forslag. Det har også blitt vurdert om programområdet kunne flyttast til utdanningsprogrammet for design, men då måtte ein dele opp dei ulike «saumfaga» slik at til dømes bunadstilverknad blei igjen på tradisjonshandverk. Å dele saumfaga blir sett på som ei dårleg løysing, og derfor er fylkesrådmannen positiv til UDIR sitt forslag om at Vg2 design og tekstil blir ein del av programområdet for tradisjonshandverk/kulturhandverk.

For Vg2 design og trearbeid er det to ulike forslag, det eine er å vidareføre faget i utdanningsprogram for tradisjonshandverk, det andre er å flytte faget til utdanningsprogram for bygg- og anlegg med eit nytt programområde som er foreslått til Vg2 møbel og treteknikk.

Båtbyggjarfaget har tre alternativ; enten at det vert lagt ned, vidareført på utdanningsprogram for tradisjonshandverk eller på utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk. Strandebarm fartøysenter tar inn lærlingar i trebåtbyggjarfaget, men dei siste åra har det ikkje vore rettselevar som har søkt læreplass. Fylkesrådmannen meiner likevel at faget må behaldast så lenge det er bedrifter som søker etter lærlingar.

Dersom desse to faga blir flytta til bygg og anlegg vil ein få samla trearbeidsfaga, noko som gjer at søkjargrunnlaget blir breiare. På den andre sida kan desse små faga lett forsvinne på eit så stort utdanningsprogram. Fylkesrådmannen meiner at det er viktig å ta vare på dei små faga, og at det er viktig å synleggjere at dei er små og verneverdige. Fylkesrådmannen foreslår derfor at desse to faga blir verande på utdanningsprogram for handverk og design.

UDIR foreslår at Vg2 medieproduksjon skal liggje som ein del av eit nytt Vg1 design. Det fylkeskommunale fagnettverket er svært usamd i dette og meiner at faget har så mange særleine trekk at det er vanskeleg å slå det saman med design, som allereie har ei stor fagleg breidde i faga. Dei meiner at det bør opprettast eit eige utdanningsprogram for medieproduksjon, noko som også fagleg råd ønskjer. Fylkesrådmannen meiner at det er for få søkjarar og ikkje minst for få læreplassar til at dette kan bli eit eige utdanningsprogram. Fylkesrådmannen støtter derfor forslaget om at medieproduksjon blir eit Vg2-løp under utdanningsprogram for design.

## 4. Elektro

- 4.1. Det er foreslått å endre fagnemninga for to programområde
- frå Vg2 data og elektronikk til Vg2 datateknologi og elektronikk,
  - frå Vg2 elenergi til Vg2 elenergi og ekom.

Det er foreslått å flytte IKT-servicefag frå utdanningsprogram for service og samferdsel til utdanningsprogram for elektrofag. Dersom denne flyttinga, som er punkt til høyring under programområde for service og samferdsel, blir gjennomført, er det naturleg at Vg2 data og elektronikk får nytt namn. Elektronisk kommunikasjon (ekom) er ein del av opplæringa. Ekomnett er eit system for signaltransport som gjer mogleg overføring av lyd, tekst, bilete eller anna type data ved hjelp av elektromagnetiske signal i fritt rom eller kabel. Fagleg råd meiner ekom i framtida vil dominere all utvikling i elektroniske nettverk.

Fylkesrådmannen er samd i desse vurderingane og stiller seg positiv til dei to namneendingane.

- 4.2. Det er foreslått å opprette Vg3 ventilasjonsteknikar som nytt lærefag

I følge foreininga for ventilasjon, kulde og energi (VKE) utgjer ventilasjonsbransjen 1200 bedrifter, og dei meiner utdanningsbehovet vil vere på minimum 200 ventilasjonsteknikarar per år. Ventilasjonsbransjen er dobbelt så stor som kuldebransjen, og store ventilasjonsbedrifter seier dei vil garantere for læreplassar dersom det blir utdanna ventilasjonsteknikarar. Dei meiner også at det nye lærefaget ikkje vil konkurrere med eksisterande fagbrev.

I Hordaland er det svært mange elevar som ønskjer å gå på EL, men det er ikkje alltid desse får læreplass når dei er ferdige. Derfor er det positivt for fylkeskommunen dersom faget svarar på eit behov i arbeidsmarknaden og gir fleire nye lærebedrifter. Fylkesrådmannen stiller seg derfor positiv til å opprette eit nytt Vg3 ventilasjonsteknikarfaget.

- 4.3. Det er foreslått at viklarfaget blir lagt ned, fordi behovet i arbeidslivet er fallande.

I Hordaland har vi fleire bedrifter som tar inn lærlingar i viklarfaget, og vi har elevar som ønskjer å bli lærlingar i faget. Sjølv om dette ikkje er noko stort fag, meiner fylkesrådmannen at så lenge vi har bedrifter som har bruk for fagarbeidarar som viklarar, må faget fortsatt vere eit lærefag.


- 4.4. Det er forslag om å flytte låsesmedfaget frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon til utdanningsprogram for elektrofag, og at lærefaget endrar opplæringsmodell frå særløp (1+3) til å følgje ein 2 +2-modell. Det er foreslått at låsesmedfaget skal byggje på Vg2 automatisering.

Bakgrunnen for forslaget er at lærlingane vil få ein betre og breiare kompetanse. I følge bransjen er det spesielt generell elektrokunnskap elevane manglar. Ein låsesmed skal også ha mekanisk forståing, men i dag er det meir vekt på kunnskap innan elektronikk og mindre på mekanisk kunnskap.

Bransjen meiner at Vg1 elektrofag og Vg2 automatisering vil dekke opp manglande kunnskap og ferdigheiter fordi det omhandlar både elektrofag og mekanikk. Fagleg råd meiner at Vg2 automatisering er det programområdet som har mest til felles med eksisterande kompetansemål i låsesmedfaget, og vil gi moglegheit for utvikling av låsesmedfaget.

Fylkesrådmannen seier seg samd i dei argumenta som UDIR har og støttar at låsesmedfaget blir flytta frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon til utdanningsprogram for elektrofag.

### Forslag til ny struktur



## 5. Helse og oppvekstfag

Det er ikkje foreslått endringar på Vg1 HO

- 5.1. Fagleg råd for helse- og oppvekstfag (FRHO) meiner at elevane må bli betre førebudde til møtet med yrket, og at det derfor er foreslått å innføre fordjupingsområde ved å opprette valfrie programfag i Vg2 helseservicefag, helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk
- 5.2. UDIR spør også om valfrie programfag kan erstattast av faget yrkesfagleg fordjuping (YFF)
- 5.3. Innføring av valfrie programfag kan avgrense elevane sine val på Vg3, og dette vil vere ei ulempe for elevane fordi dei må avgjere yrkesvalet tidlegare enn med dagens ordning. UDIR spør om det er mogleg at innføring av valfrie programfag ikkje vil avgrense elevane sine val.



- 5.4. Vidare er det foreslått å flytte programområdet Vg2 aktivtør frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag. I tillegg blir det arbeidd med å utvikle ein ny opplæringsmodell for ambulansefaget; denne blir høyrd separat seinare.



Det fylkeskommunale nettverket for helse og oppvekst er positiv til at det blir innført valfrie programfag i utdanninga. Dei meiner dette kan gjere elevane meir førebudde når dei kjem til Vg3 og at elevane vil oppleve opplæringa meir praktisk og relevant. Dei meiner at elevane vil oppleve ei tidlegare meistring, noko som vil vere svært motiverande.

Det fylkeskommunale faglege rådet meiner at faget allereie i dag blir brukt godt i forhold til fagleg fordjuping. Dei seier vidare at det fortsatt er noko varierende frå praksisplass til praksisplass kor god opplæring elevane får og kor godt kjent ein blir med faget. Dei ønskjer derfor ikkje meir fordjuping enn i dag, og meiner at faget ikkje kan erstatte innføringa av valfrie programfag på Vg2.

Sjølv om nettverket er positiv til å innføre valfrie programfag, meiner dei at dette vil avgrense elevane sitt val på Vg3. Dei meiner at dersom elevane skal kunne gjere omval på Vg3, stiller dei fagleg svakare, og dei ser ikkje at det då er mogleg å få innvilga nødvendig autorisasjon når dei er ferdige.

Både det fylkeskommunale nettverket for handverk og design og for helse og oppvekst er positive til at aktivtørfaget blir flytta til utdanningsprogram for helse og oppvekst. Dei grunngir dette med at aktivtørar treng å vite noko om yrkesutøvinga til dei dei samarbeider med, og ikkje minst ha kjennskap til anatomi og fysiologi – særleg med tanke på eldre.

## 5. Naturbruk

- 5.1. Det er foreslått at Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg flyttast til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og får namnet Vg2 anleggsgartnar.

Det er vidare foreslått at idrettsanleggsfaget blir lagt ned som eige lærefag, og at dei delane av Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg som omhandlar innandørs idrettsanlegg, vert flytta til byggdriftarfaget, som er eit særlopsfag (1+3).

Fagleg råd for naturbruk (FRNA) meiner at deler av idrettsanleggsfaget har fleire felles element med byggdriftarfaget. Kompetanse knytt til innandørs idrettsanlegg vil bli ivaretatt på byggdriftarfaget på utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk. Kompetanse knytt til utandørs idrettsanlegg vil bli ivaretatt på Vg3 anleggsgartnarfaget på utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

Både Norske anleggsgartnere- miljø og landskapsentreprenører (NAML), Fagleg råd for bygg- og anleggsteknikk (FRBA) og Fagleg råd for naturbruk (FRNA) ønskjer at anleggsgartnarfaget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

Saman med at faga vert flytta, blir det opna for kryssløp frå Vg1 naturbruk til Vg2 anleggsgartnar på utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

Fylkesrådmannen har ingen kommentarar til å flytte anleggsgartnarfaget til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk, eller til forslaget om å leggje ned idrettsanleggsfaget.

- 5.2. Det er tilrådd å innføre valfrie programfag innan landbruk og gartnarnæringa. Det vil seie at dette fortsatt blir Vg3-løp i skule og ikkje eigne lærefag.

Landbruksfaget og gartnarfaget som har mange felleselement, og fagleg råd for naturbruk ønskjer ei tidlegare spesialisering og ønskjer derfor å innføre valfrie programfag. Dei meiner dette kan innførast sjølv om det føregår forsøk med å gjere utdanninga om til ein 2+2-modell. Ei slik spesialisering kan avgrense elevane sine val til Vg3, og UDIR ber høyringsinstansane sjå på dette og vurdere om faget yrkesfagleg fordjuping kan vere eit alternativ.

- 5.3. Det er foreslått å opprette eit nytt Vg2 dyrehald med Vg3 i skule som fører til yrkeskompetanse.

Ei rekke aktørar innan dyrehald har foreslått at det blir oppretta eit nytt lærefag som kvalifiserer for arbeid med dyr som blant anna dyrepassar, helse og stell, varehandel, oppleving og turisme. Dyrehald skal rette seg mot ein marknad i vekst og eit aukande behov for fagkompetanse.

- 5.4. Det er foreslått å dele programområdet Vg2 heste- og hovslagarfaget.

- 5.4.1. Hovslagarfaget er foreslått vidareført som særlop

#### 5.4.2. Hestefaget er foreslått vidareført i eit nytt Vg3 dyrehald.


Fagleg råd for naturbruk meiner at Vg2 heste- og hovslagararfaget har for få felleselement til at det vert oppretthalde eit felles Vg2-tilbud og tilrår at hovslagarfaget skal følgje ein særlopsmodell.

Fylkeskommunen sitt faglege nettverk for naturbruk er samd i at det blir oppretta eit slikt tilbud på Vg2, men dei meiner namnet dyrehald er lite beskrivande og peiker dårleg tilbake på fag- og yrkesrolla. Dei viser til at i offentlege rapportar, lover og forskrifter blir ordet dyrehald brukt synonymt med «det å ha dyr». Dei foreslår derfor at faget må heite dyrefag og at yrkesnemninga blir dyrefagarbeidar.

Dei meiner også at faget ikkje skal byggje på Vg3 i skule, men at det bør vere eit lærefag med 2+2-modell. Undersøkingar som nettverket har gjort, viser at bransjen er interessert i lærlingar og at det ikkje vil bli noko problem å skaffe lære plassar.

Fylkesrådmannen støttar dei kommentarane det fylkeskommunale faglege nettverket kjem med og tilrår at det blir oppretta eit nytt fag med namnet dyrefag og at faget blir eit lærefag med 2+2-modell.

#### Forslag til ny struktur



13

## 6. Restaurant og matfag

### 6.1. Det er foreslått å dele Vg2 matfag i to nye Vg2:

- Vg2 bakar- og konditor
- Vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri

Dagens Vg2 matfag utdannar både til handverksfag, som f.eks. bakar og konditor og til industrifag, som f.eks. industriell matproduksjon. I følge Fagleg råd for restaurant og matfag (FRRM) har dette ført til at Vg2 har ein utydelig profil, og dei meiner derfor at Vg2 matfag bør

delast i tre nye Vg2 for å gi ei meir relevant og yrkesretta opplæring. UDIR meiner at det å opprette 3 tilbod kan bli utfordrande både for fylkeskommunane som har ansvar for å opprette tilbodet, og for elevane som vil få færre lærefag å velje mellom når dei skal teikne lærekontrakt. UDIR vurderer at det er nok å dele i to ny programområde for å styrke fagleg innhald og relevant opplæring.

Eit alternativ til å dele Vg2 matfag i to nye programområde kan vere å utnytte dei moglegheitene som ligg i programfaget yrkesfagleg fordjuping, og UDIR ber om tilbakemelding på ei slik løysing.

Fylkesrådmannen er samd i dei vurderingane som UDIR har gjort og støttar forslaget om å dele Vg2 matfag i bakar og konditor og kokk og servitør.

#### 6.2. Det er foreslått å slå saman

- Vg3 butikklaktarfaget
  - Vg3 sjømathandlarfaget
- til Vg3 ferskvarekokk. Det nye lærefaget skal byggje på Vg2 kokk og servitørfag.

Butikklaktarfaget og sjømathandlarfaget har mange felleselement og kompetansemål som kunnskap om råvarer og tillaging av desse. Service er ein sentral del av faga med kundebehandling som viktige arbeidsoppgåver. I tillegg blir desse fagarbeidarane utdanna til den same arbeidsmarknaden: Ferskvareavdelingar i daglegvarehandel og spesialforretningar. Faga har i dag relativt få lærlingar, og ved å slå saman dei to lærefaga til eitt felles lærefag vil dette kunne gi elevane ei større breidde i kompetanse og betre vilkår for arbeid. Fylkesrådmannen støttar derfor forslaget om å slå saman dei to faga.


#### 6.3. Det er foreslått å leggje ned Vg3 sjømatproduksjon som eige lærefag og la faget bli ein del av Vg3 industriell matproduksjon.

Sjømatproduksjon er venta å vere ein bransje i vekst; samstundes er det ei stor utfordring at det er få søkjarar til lærekontrakt. Fagleg råd for restaurant- og matfag (FRRM) foreslår derfor at Vg3 sjømatproduksjon blir lagt ned og blir integrert i Vg3 matproduksjon. Fylkesrådmannen støttar dette forslaget.

#### 6.4. Det er foreslått å endre navn fra Vg3 institusjonskokk til Vg3 ernæringskokk.

Fagleg råd for restaurant og matfag meiner at eit namnebyte kan bidra til å styrke rekrutteringa til faget.

Fylkesdirektør opplæring sitt fagnettverk er usamd i denne namneendringa og meiner mellom anna at alle kokkar må kunne noko om ernæring, og at det derfor blir litt merkeleg å ha ei eiga utdanning som heiter ernæringskokk. Fylkesrådmannen vil likevel støtte forslaget fordi noko må gjerast for å auke rekrutteringa til faget og at namnet ernæringskokk kanskje kan motivere fleire elevar til å søke.

**Forslag til ny struktur:****7. Service og samferdsel**

Bakgrunnen for UDIR sitt forslag om å legge ned utdanningsprogram for service og samferdsel er at utdanningsprogrammet fører fram til fleire lærefag som har få felleselement. UDIR ønskjer derfor å opprette eit nytt fag som heiter handel som skal ivareta handels- og resepsjonsfaget. Dei ønskjer vidare å flytte programområdet IKT til utdanningsprogram for elektro og programområdet Vg2 transport og logistikk til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. På denne måten meiner dei at dei klarer å samle fleire fag som har felleselement.

- 7.1. Forslag om at service og samferdsel endrar fagnemning til Vg1 handel. Det er foreslått å opprette eit eige programområde for Vg2 handel, og at Vg3 salsfaget endrar namn til Vg3 handelsfag.
- 7.2. Vg3 kontor- og administrasjonsfaget er foreslått enten lagt ned eller at det blir vidareført på eit nytt utdanningsprogram for handel.

UDIR si grunngjeving for å legge faget ned:

Kontor- og administrasjonsfaget er relativt stort som lærefag med 427 nye lærekontraktar i 2016, og samtidig har det vore ein auke i søkinga til lærefaget dei siste åra. Det viser seg likevel at det er få lærlingar som får tilbod om arbeid etter dei er ferdige med læretida. Verksemdene føretrekkjer dei som har høgare utdanning i administrative stillingar.

Talet på læreplasser talar isolert sett for at kontor- og administrasjonsfaget bør oppretthaldast, mens analysen av sysselsetting og endringar i kompetansebehov i arbeidslivet talar for at

etterspørselen etter kompetanse innan kontor- og administrasjonsfaget stadig blir mindre og at lærefaget derfor bør leggest ned.

Faget og opplæringa i kontor- og administrasjonsfaget kan fungere som ein god veg gjennom vidaregåande opplæring, og som praktisk veg til høgare utdanning. Nedlegging av kontor- og administrasjonsfaget vil på kort sikt kunne føre til ein nedgang i talet med lærlingar i offentleg verksemd.

I samband med gjennomgangen av tilbudsstrukturen har det kome forslag frå Økonomiforbundet om å etablere eit nytt lærefag innan rekneskap. Forslaget er førebels ikkje tilstrekkeleg utgreidd til å vere med i denne høyringa. Eit anna alternativ er å vidareutvikle kontor- og administrasjonsfaget slik at økonomi og rekneskap kan inngå i faget. Dersom avgjerda blir å vidareføre eit lærefag retta mot administrasjon, kan det vurderast å opprette eit eige programområde på Vg2 retta mot økonomi og administrasjon.

- 7.3. Vg3 sikkerhetsfaget er foreslått lagt ned. Bakgrunnen for dette er at lærlingordninga har svak forankring i arbeidslivet og at mange av dei som tar fagbrev er praksiskandidatar. Talet på læreplasser har auka dei siste åra, men som landsgjennomsnitt fekk berre 52 prosent av søkjarane til sikkerhetsfaget læreplass i 2016. Det viser seg også at sikkerhetsbransjen sjølv føretrekkjer å tilsette vektarar som har tatt private sikkerheitskurs.
- 7.4. Programområdet Vg2 transport og logistikk blir flytta til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. I følge analysar som er gjort, kjem to av tre som begynner på Vg2 transport og logistikk, frå utdanningsprogrammet teknikk og logistikk via eit kryssløp.
- 7.5. Programområdet Vg2 og Vg3 IKT-servicefag vert flytta til utdanningsprogram for elektrofag. Utdanningsdirektoratet viser til at den største gruppa elevar kjem via eit kryssløp frå Vg1 elektrofag på dette programområdet, og at oppsett av programvare og anna IKT-kompetanse stadig blir viktigare innan elektrofaga.
- 7.6. Programområdet Vg2 reiseliv blir vidareført.

UDIR si grunngjeving for å vidareføre Vg2 reiseliv:

Det har vist seg at reiselivsfaget ikkje har fått den utbreiinga som mange håpa, og på landsbasis er det berre 402 personar som har oppnådd fagbrev i reiselivsfaget dei siste 5 åra. Fagleg råd for service og samferdsel meiner at ei av årsakene til at ein ikkje har treft behovet i arbeidslivet, er at opplæringa ikkje gir tilstrekkeleg språkkompetanse. Både Norwegian og SAS Ground Handling ønskjer at reiselivsfaget vert vidareført som lærefag, men at læreplanane blir endra slik at elevane får ei praktisk tilnærming til språk og internasjonalt reiseliv.


- 7.4 Vg2 reiseliv blir gjort om til eit studieførebuande løp.

UDIR si grunngjeving for å vidareføre Vg2 reiseliv som eit studieførebuande tilbod:

Fagleg råd for service og samferdsel ønskjer å gjere Vg2 reiseliv om til ein "hybridmodell" (eit studieførebuande løp plassert på yrkesfag), fordi dei meiner det er føremålstenleg å gi elevane ei praktisk opplæring retta mot bransjen som førebuaende utdanning. I denne modellen ligg det at resepsjonsfaget ikkje kan rekruttere frå Vg2 reiseliv. UDIR ber om at høyringsinstansane merker seg at reiseliv allereie er eit tilbod på studieførebuande utdanningsprogram, og at eit slikt tilbod på yrkesfag må konkurrere med dette tilbodet.

- 7.4 Resepsjonsfaget blir eit eige programområde.

## Forslag til struktur



Fylkesrådmannen er stort sett samd i dei vurderingane som er gjort i forhold til å omstrukturere programområdet, og meiner både namnet handel og forslaga om programfag gjer at utdanningsprogrammet får ein tydelegare profil.

I høyringsforslaget er det forslag om å enten legge ned kontor- og administrasjonsfaget eller vidareføre det i programområde for handel. Hordaland fylkeskommune tar stadig inn fleire lærlingar i kontor- og administrasjonsfaget. Dei siste åra har også fylkeskommunen hatt som krav at kontor- og administrasjonsmedarbeidarar mellom anna på skulane skal ha fagbrev. Årsaka til dette er at ein ser at det ligg mykje kompetanse som er nyttig, mellom anna arkiv og databruk. Dette er ein kompetanse som ein ikkje nødvendigvis får gjennom ei høgare utdanning. Læreplanen i faget er utdatert, og det faglege nettverket i Hordaland ser at det er behov for ei endring i læreplanane. Dei meiner at med ei oppdatering av læreplanen slik at den tar opp i seg utviklinga i kontor- og administrasjonsfaget, vil dette blir eit attraktivt fag både for elevane og arbeidslivet. Fylkesrådmannen er samd i desse vurderingane og støttar forslaget om å vidareføre faget i utdanningsprogrammet for handel.

Hordaland er eit stort fylke innan reiseliv, og fylkesrådmannen er derfor usamd i at faget skal leggest ned. Han meiner at forslaget om å overføre faget til eit nytt programområde innanfor handel, og at faget blir eit studieførebuande løp innan yrkesfag, er ei god løysing. På denne måten får ein ungdom med ei brei utdanning som også vil gjere dei meir kompetente til å jobbe innan reiseliv enn dei vil vere med 5+5 timar programfag på ordinært studieførebuande utdanningsprogram. Dette er ei utdanning som Hordaland vil ha bruk for i framtida.

I dag er dei fleste som jobbar i andre resepsjonar enn på hotell, utdanna innan kontor- og administrasjon. Mange av desse medarbeidarane har tilleggssoppgåver som gjer at dette er ei god utdanning. Men fylkesrådmannen meiner at dersom resepsjonsfaget blir utvida til også å gjelde andre fagområde enn hotellresepsjon, kan dette bli ei god utdanning for dei som primært skal jobbe i resepsjonen i ei verksemd.

## 8. **Teknikk og industriell produksjon**

- 8.1. Det er foreslått å slå saman Vg2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefag til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag.

Vg3 kjemiprosessfag er i dag eit av dei mest populære lærefaga innan utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. Bransjen har varsla at det blir mindre behov for fagarbeidarar med denne utdanninga.

Det er berre fire skular i landet som tilbyr Vg2 laboratoriefag, og dette gjer at det er mange bedrifter som ikkje klarer å rekruttere lærlingar. Ved å slå saman Vg2 kjemiprosessfag og Vg2 laboratoriefag til eitt felles lærefag får elevane fleire val, og bransjen kan rekruttere lærlingar som har ei større breidde og prosessforståing, noko dei har etterlyst.

Fylkesdirektør opplæring sitt faglege nettverk for teknikk og industriell produksjon er sterkt usamd i UDIR sitt forslag om å slå saman VG2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefaget. Kvar for seg er dette teoritunge fagretningar, og dei er redd for at den teoretiske påkjenninga i faget også vil auke. Alternativt kan det vere at ei slik samanslåing vil gå ut over den faglege kvaliteten ved at teorikrava blir redusert. Dei fylkeskommunale nettverka er redd for at bedriftene ikkje får den kompetansen dei etterspør.

Fylkesrådmannen er samd i dei vurderingane det faglege nettverket har gjort seg og meiner at det fortsatt må vere to separate Vg2-løp.

- 8.2. Det er førestlått at Vg3 kran- og løfteoperasjonsfaget skal byggje på programområdet Vg2 transport og logistikk dersom Vg2 transport og logistikk blir flytta frå service og samferdsel.

- 8.3. Forslag om at chassispåbyggarfaget blir lagt ned som lærefag og blir ein del av Vg3 industrimekanikarfaget

- 8.3.1. Vg3 aluminiumskonstruksjonsfaget blir lagt ned som lærefag og blir ein del av Vg3 produksjonsteknikk

Chassispåbyggarfaget har få lærlingar, og aktuelle arbeidsoppgåver blir i stor grad utført av industrimekanikarar. Bransjen ønskjer derfor å bruke industrimekanikarfaget som erstatning for chassispåbyggarfaget. Bransjen ønskjer å bruke produksjonsteknikkfaget som erstatning for aluminiumskonstruksjonsfaget. Dersom aluminiumskonstruksjon blir ein del av produksjonsteknikkfaget, kan det bli lettare å rekruttere lærlingar. Det vil også kunne imøtekomme bedriftene sitt behov for ein fagarbeidar med ein allsidig basiskompetanse og tverrfagleg orientering.

Fylkesrådmannen stiller seg bak den vurderinga som er gjort og støttar forslaga.

- 8.4. Det er foreslått at følgjande fag:
- modellbyggerfaget
  - finmekanikarfaget
  - verktøymakarfaget
  - dimensjoneringskontrollfaget,

blir lagt ned og erstatta med å innføre fordjupingsområde til val i læreplanen på Vg3 CNC maskineringsfaget.



Fagleg råd for teknikk og industriell produksjon meiner desse faga er nær i slekt med CNC-faget, og at det derfor er mogleg at faget kan inngå i CNC-maskineringsfaget. Bransjen peikar på at eit breiare fag vil kunne vere meir attraktivt både for elevane og bedriftene.

Fylkesrådmannen er samd i denne vurderinga og viser til punkt 1 i saksutgreiinga, der forslaget om fordjuping på Vg3 blir drøfta.

- 8.5. Det er forslag om å opprette eit nytt Vg3 plastfag med følgjande fag:
- Vg3 termoplastfaget
  - Vg3 polymerkomposittfaget
  - Vg3 plastmekanikarfaget

- 8.6. Det er foreslått at Vg3 gjenvinningsfaget skal følgje hovudmodellen (2+2) og at faget skal byggje på Vg2 industriteknologi.

Bransjen får ikkje dekkja det behovet dei har for lærlingar og faglært arbeidskraft gjennom dagens opplæringsmodell. Derfor ønskjer dei ei endring av opplæringsmodellen frå særlop til ein 2+2-modell.

Gjenvinningsbransjen er ein bransje i vekst, og det er viktig at vi får ungdommar som har ein fagleg bakgrunn i faget. Fylkesrådmannen støttar derfor forslaget om at faget følgjer hovudmodellen og blir eit 2+2-løp.

- 8.7. Det foreslått å endre opplæringsmodellen for Vg3 låsesmedfaget frå særlopsmodell til ordinær 2+2-modell. Faget blir flytta til utdanningsprogram for elektrofag, slik at det byggjer på Vg2 automatisering.

Bakgrunnen for forslaget er at lærlingane får ein betre og breiare kompetanse. I følge bransjen er det spesielt generell elektrokunnskap som manglar, men ein låsesmed skal også ha mekanisk forståing.

Dei faglege råda meiner at Vg2 automatisering er det programområdet som har mest til felles med låsesmedfaget, og at Vg3 låsesmedfaget derfor bør byggje på Vg2 automatisering. Dei fylkeskommunale fagnettverka både i elektrofag og i teknikk og industriell produksjon er samd i denne vurderinga. Fylkesrådmannen støttar både forslaga om flytting og til endring av modell til ein 2+2-modell.

## Forslag til struktur

1. år	2. år	3. år	4. år
Teknikk og industriell produksjon	Arbeidsmaskinar	Anleggsmaskinmekanikarfaget	Anleggsmaskinmekanikarfaget
		+2 andre lærefag	
	Bilskade, lakk og karosseri	Billakkerarfaget	
	Børsemakar	Bilskadefaget	
	Brønnteknikk	Børsemakararfaget	
		Boreoperatørfaget	
	Industriteknologi	+6 andre lærefag	
		CNC-maskineringsfaget	
	Kjemiprosess og laboratoriefag	+18 andre lærefag	
		Kjemiprosessfaget	
	Kjøretøy	Laboratoriefaget	
	Maritime fag	Bilfaget, lette kjøretøy	
		+5 andre lærefag	
	Transport og logistikk	Matrosfaget	
		+1 anna lærefag	13
		Logistikkfaget	
		Yrkessjåførfaget	
		Kran- og løfteoperasjonsfaget	

Opplæring i skule  
 Opplæring bedrift

### 1. Fordypninger på Vg3/opplæring i bedrift

- Bør det gis anledning til å etablere fordypninger på Vg3?
- Er de foreslåtte rammer og prinsipper (jf. 1.6 Nasjonale rammer for innføring av fordypninger) dekkende og hensiktsmessige?

### 2. Bygg og anleggsteknikk

- Bør opplæringsmodell for Vg3 isolatørfaget fra særløp til 2+2-modell hvor opplæringen skal legges til et evt. nytt Vg2 ventilasjon, taktekking og membran, se 1.4 Vg2 klima-, energi og miljøteknikk?
- Bør Vg3 tak- og membrantekkerfaget og Vg3 ventilasjons- og blikkenslagerfaget bygge på et nytt Vg2 ventilasjon, taktekking og membran?
- Bør Vg3 rørleggerfaget bygge på et nytt Vg2 rør?
- Bør Vg2 byggteknikk deles i Vg2 tømmer og Vg2 betong og mur?
- Støtter dere forslaget om at Vg3 stillasbyggerfaget og Vg3 tømmerfaget skal bygge på et nytt Vg2 tømmer?
- Bør Vg2 klima-, energi- og miljøteknikk deles i Vg2 rør og Vg2 ventilasjon, taktekking og membran?
- Bør renholdsoperatørfaget endres fra 2+2-modell til særløp (1+3-modell)?
- Bør det etableres et felles Vg3 treindustri for de eksisterende lærefagene, der disse blir fordypningsområder?
- Bør det etableres et felles Vg3 anleggsteknikkfag for de eksisterende lærefagene, der disse blir fordypningsområder?
- Bør det etableres et fordypningsområde på Vg3 i veidrift- og veivedlikehold?
- Bør det etableres et fordypningsområde på Vg3 i anleggsrørleggerfag?

### 3. Design og håndverk

- Bør det opprettes et nytt Vg1 tradisjonshåndverk?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg1 tradisjonshåndverk
- I hvilket utdanningsprogram mener høringsinstansene Vg2 børsemaker og Vg3 børsemakerfaget skal videreføres?
- I nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk, med kryssløp fra utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
- I utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon
- Bør Vg2 design og trearbeid med tilhørende lærefag videreføres i et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør programområdet Vg2 design og trearbeid endre fagbetegnelse til Vg2 trearbeid på et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør Vg2 design og trearbeid med tilhørende lærefag flyttes til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?
- Bør Vg3 møbelsnekker bygge på Vg2 treteknikk og programområdet endre fagbetegnelse til Vg2 møbel og treteknikk?
- Bør Vg2 design og trearbeid med tilhørende lærefag videreføres i et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør programområdet Vg2 design og trearbeid endre fagbetegnelse til Vg2 trearbeid på et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør Vg2 design og trearbeid med tilhørende lærefag flyttes til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?
- Bør Vg3 møbelsnekker bygge på Vg2 treteknikk og programområdet endre fagbetegnelse til Vg2 møbel og treteknikk?
- Bør bøkkefaget, orgelbyggerfaget, tredeierfaget og orgelbyggerfaget endre opplæringsmodell fra hovedmodellen (2+2) til særløpsmodell (1+3)?
- Bør programområdet Vg2 båtbygger legges ned?
- Bør Vg3 komposittbåtbyggerfaget legges ned?
- Bør Vg3 trebåtbyggerfaget videreføres på et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk og bygge på Vg2 trearbeid?
- Bør Vg3 trebåtbyggerfaget flyttes til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og endre opplæringsmodell fra hovedmodellen (2+2) til en særløpsmodell (1+3)?
- Bør programområdet Vg2 design og duodji, med tilhørende lærefag videreføres i et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør programområdet Vg2 design og duodji endre fagbetegnelse til Vg2 duodji?

- Bør programområdet Vg2 design og gullsmedhåndverk, med tilhørende lærefag videreføres i et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør programområdet Vg2 design og gullsmedhåndverk endre fagbetegnelse til Vg2 gull- og sølvsmedhåndverk?
- Bør programområdet Vg2 design og tekstil, med tilhørende lærefag videreføres i et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør programområdet Vg2 design og tekstil endre fagbetegnelse Vg2 søm og tekstilhåndverk?
- Bør Vg2 og Vg3 pianostemming og pianoteknikk legges ned?
- Bør programområdet Vg2 smed, med tilhørende lærefag videreføres i et nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør programområdet Vg2 ur- og instrumentmaker videreføres i nytt utdanningsprogram for tradisjonshåndverk?
- Bør Vg3 sturmakerfaget legges ned?
- Bør gipsmakerfaget flyttes til utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk?
- Bør kurvmakerfaget flyttes til utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk?

#### 4. Elektrofag

- Bør programområdet for Vg2 data og elektronikk endre fagbetegnelse til Vg2 datateknologi og elektronikk?
- Bør programområdet for Vg2 elenergi endre fagbetegnelse til Vg2 elenergi og ekom?
- Bør programområdet Vg2 kulde og varmepumpe-teknikk endre betegnelse til Vg2 varmepumpe og ventilasjonsteknikk?
- Bør det opprettes et nytt lærefag, Vg3 ventilasjonsteknikerfaget som skal bygge på Vg2 varmepumpe og ventilasjonsteknikk?
- Bør låsesmedfaget flyttes fra utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon til utdanningsprogram for elektrofag?
- Bør opplæringsmodell for låsesmedfaget endres fra særløp (1+3) til en 2+2 modell?
- Bør Vg3 viklerfaget legges ned?

#### 5. Helse og oppvekstfag

- Bør det innføres valgfrie programfag på Vg2 helseservicefag: helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk?
- Dersom valgfrie programfag innføres på Vg2 helseservicefag skal dette ikke begrense elevens valg av Vg3 (helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk).
- Vil valgfrie programfag på Vg2 helseservicefag kunne få konsekvenser for elevenes valg av Vg3 og autorisasjon som helsepersonell?
- Bør Vg2 helseservicefag opprettholdes som ett Vg2 uten å innføre valgfrie programfag og heller anvende programfaget yrkesfaglig fordypning i Vg1 og Vg2 for å sikre tidligere fordypning i yrkene?
- Vi ber om høringsinstansenes kommentarer til utvikling av veiledere som alternativ til valgfrie programfag.

#### 6. Naturbruk

- Bør Vg2 anleggsgartner og idrettsanlegg endres til Vg2 anleggsgartner og flyttes fra utdanningsprogram for naturbruk til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?
- Bør delene av Vg2 anleggsgartner og idrettsanlegg som omhandler innendørs idrettsanlegg flyttes til byggdrifterfaget (særløpsfag)?
- Bør det åpnes for kryssløp fra Vg1 naturbruk til Vg2 anleggsgartner utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?
- Bør Vg3 idrettsanleggsfaget legges ned og at faget blir ivaretatt på hhv Vg3 anleggsgartnerfaget (utendørs) og byggdrifterfaget (innendørs)?
- Bør kryssløp fra Vg1 restaurant og matfag til Vg2 fiske og fangst på utdanningsprogrammet for naturbruk fjernes?
- Bør det innføres valgfrie programfag på Vg2 landbruk og gartneri?
- Dersom valgfrie programfag innføres på Vg2 landbruk og gartneri skal valgt programfag ikke begrense elevens valg av Vg3.
- Bør Vg2 landbruk og gartneri opprettholdes som ett Vg2 uten å innføre valgfrie programfag og heller anvende programfaget yrkesfaglig fordypning i Vg1 og Vg2 for å sikre tidligere fordypning i yrkene?

- Vi ber om høringsinstansenes kommentarer til utvikling av veiledere som alternativ til valgfrie programfag.
- Bør Vg2 heste- og hovslagerfag deles?
- Bør hovslagerfaget omgjøres fra en 2+2-modell til et særløpsfag (1+3-modell)?
- Bør det opprettes et nytt Vg2 dyrehold og som inkluderer hestefaget?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg2 dyrehold.
- Bør det opprettes et nytt Vg3 dyrehold som gir 3-årig yrkeskompetanse med vitnemål?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg3 dyrehold

## 7. Restaurant og matfag

- Bør Vg2 matfag deles i Vg2 baker- og konditor og Vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri.
- Bør Vg2 matfag opprettholdes som ett Vg2 matfag og anvende programfaget yrkesfaglig fordypning i Vg1 og Vg2 for å gi mulighet for tidligere spesialisering i lærefagene?
- Bør butikklakterfaget og sjømathandlerfaget slås sammen til et nytt felles lærefag?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg3 ferskvarekokk.
- Høringsinstansenes syn på at sjømatproduksjon legges ned som eget lærefag og integreres i Vg3 industriell matproduksjon.
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg3 ernæringskokk

## 8. Service og samferdsel

- Bør det opprettes et nytt utdanningsprogram for handel?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen handel.
- Bør det opprettes et nytt programområde Vg2 handel?
- Høringsinstansenes syn på fagbetegnelsen Vg2 handel
- Bør Vg3 salgsfaget endre fagbetegnelse til Vg3 handelsfaget?
- Bør Vg3 Kontor- og administrasjonsfaget legges ned?
- Bør Vg3 kontor- og administrasjonsfaget videreføres?
- Bør Vg3 sikkerhetsfaget legges ned?
- Bør reiselivsfaget videreføres som lærefag?
- Bør reiselivsfaget gjøres om til et studieforberedende løp plassert på yrkesfaglig utdanningsprogram?
- Bør kompetansen i resepsjonsfaget gjøres bredere, slik at resepsjonsfaget kan rette seg mot flere bransjer?
- Bør kompetanse i resepsjonsfaget utvides med sikkerhet som faglig element?
- Bør programområde for Vg2 IKT-servicefag og tilhørende lærefag flyttes til utdanningsprogram for elektrofag?
- Bør Vg3 IKT-servicefag flyttes til utdanningsprogrammet for elektrofag?
- Bør Vg2 transport og logistikk og tilhørende lærefag flyttes til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon?
- 
- Bør yrkessjåførfaget videreføres i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon?
- Bør logistikkfaget videreføres i utdanningsprogrammet for teknikk og industriell produksjon?

## 9. Teknisk og industriell produksjon

- Bør programområdet Vg2 industriell møbelproduksjon legges ned?
- Bør Vg3 industrisnekkerfaget og Vg3 industritapetsererfaget bygge på programområdet Vg2 industriteknologi?
- Bør det opprettes kryssløp fra Vg2 treeteknikk på utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk til Vg3 industrisnekkerfag på utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon?
- Bør programområdet Vg2 industritekstil og design legges ned?
- Bør Vg3 industritekstilfaget, farging, trykking og etterbehandling, Vg3 industritekstilfaget, garnfremstilling, Vg3 industritekstilfaget, trikotasje og Vg3 industritekstilfaget veving og Vg3 industrisømfag slås sammen til ett felles lærefag, Vg3 industritekstilfaget?
- Bør et nytt felles lærefag (Vg3 industritekstilfaget) bygge på programområdet Vg2 industriteknologi?
- Bør Vg3 industritekstilfaget, fiskeredskap legges ned?
- Bør programområdene Vg2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefag slås sammen til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag?

- Bør Vg3 kran- og løfteoperasjoner bygge på Vg2 transport og logistikk?
- Bør Vg3 chassispåbyggerfaget legges ned som eget lærefag og bli en del av Vg3 industrimekanikerfaget?
- Høringsinstansene bes om innspill til hvordan chassispåbyggerfaget kan ivaretas som en del av industrimekanikerfaget.
- Bør Vg3 aluminiumskonstruksjonsfaget legges ned som eget lærefag og la aluminiumskonstruksjon bli en del av Vg3 produksjonsteknikkfaget?
- Høringsinstansene bes om innspill til hvordan aluminiumskonstruksjonsfaget kan ivaretas som en del av produksjonsteknikkfaget.
- Bør det innføres valgbare fordypningsområder i læreplanen på Vg3 CNC-maskineringsfaget?
- Bør Vg3 dimensjonskontrollfaget, Vg3 finmekanikerfaget, Vg3 modellbyggerfaget og Vg3 verktøymakerfaget legges ned som egne lærefag og bli en del av Vg3 CNC-maskineringsfaget som valgbare fordypningsområder?
- Bør Vg3 termoplastfaget, Vg3 polymerkomposittfaget og Vg3 plastmekanikerfaget slås sammen til ett nytt Vg3 plastfag?
- Det bes også om forslag til fag- og yrkesbetegnelse for et nytt lærefag (omtalt som Vg3 plastfag)
- Bør Vg3 støperifaget legges ned?
- Bør Vg3 garverifaget legges ned?
- Bør Vg3 industriell skotøyproduksjon legges ned?
- Bør Vg3 gjenvinningsfaget følge hovedmodellen for fagopplæring (2+2) framfor en særløpsmodell (1+3)?
- Bør Vg3 gjenvinningsfaget bygge på Vg2 industriteknologi?
- Bør Vg3 tekstilrensfaget endre opplæringsmodell fra særløp til 2+2-modell?
- Bør Vg3 tekstilrensfaget bygge på Vg2 industriteknologi?
- Bør Vg3 vaskerifaget endre opplæringsmodell fra særløp til 2+2-modell?
- Bør Vg3 vaskerifaget bygge på Vg2 industriteknologi?
- Bør Vg3 låsesmed flyttes fra utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon til utdanningsprogram for elektro?
- Bør opplæringen i låsesmedfaget endre opplæringsmodell fra særløp (1+3) til hovedmodellen for fagopplæring 2+2?
- Bør det opprettes kryssløp fra Vg1 teknikk og industriell produksjonsteknikk til Vg2 flyfag på utdanningsprogram for elektrofag?
- Bør det opprettes kryssløp fra Vg2 arbeidsmaskiner til Vg3 bilfaget, tunge kjøretøy?
- Bør det opprettes kryssløp fra Vg2 bilskade, lakk og karosseri til Vg3 reservedelsfaget?
- Bør det opprettes Vg3 truck- og liftmekanikerfaget som nytt lærefag der faget følger 2+2-modellen og bygger på Vg2 arbeidsmaskiner?
- Bør Vg3 motorsykkelfaget endre navn til Vg3 el- og motorsykkelfaget?
-



Arkivnr: 2014/10030-116  
Saksbehandlar: Hillevi Elizabeth Runshaug

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	43/17	29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

## Samarbeidsprosjekt mellom vidaregåande skular og næringsliv Nordhordland

### Samandrag

Med bakgrunn i fylkestingsvedtak (FT 4. oktober 2016, sak 72/16 og FT desember 2016, sak 91/16) har fylkesrådmannen starta opp arbeid med samarbeidsprosjekt i Nordhordland for å utvikle og prøve ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.

Samarbeidsprosjektet skal i dialog med næringslivet også bidra til å få fram kunnskapsgrunnlag i høve til behov for nyinvesteringar ved å sjå på praksisopplæring og bruk av verkstadareal i skule og bedrift.

Nordhordland har over lang tid hatt eit godt samarbeid mellom skule og arbeids- og næringsliv med faste samarbeidsorgan i tillegg til fast kontakt mellom skular og bedrifter. Gjennom kompetanseprosjektet og andre tiltak har samarbeidet mellom skule og næringsliv vorte styrka over tid, og det er føremålstenleg at arbeidet i samarbeidsprosjektet byggjer vidare på relasjonane og dei eksisterande møtearenaene for samarbeid mellom skule og næringsliv.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget tek planen for samarbeidsprosjektet mellom skule og næringsliv Nordhordland til etterretning.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 15.08.2017

### Bakgrunn

Oppfølging av vedtak i skulebruksplanen ligg til grunn for arbeidet i samarbeid mellom skule og næringsliv, jf vedtak i Fylkestinget 4. oktober 2016:

*«Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.»*

og dessutan verbalforslag FT des. 2016 – budsjett 2017:

*«Det vert våren 2017 starta opp eit samarbeidsprosjekt mellom skulane i Nordhordland og det lokale næringslivet, der målet er å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.»*

Nordhordland har over lang tid hatt eit godt samarbeid mellom skule og arbeids- og næringsliv med faste samarbeidsorgan i tillegg til fast kontakt mellom skular og bedrifter. Kompetanseprosjektet har som målsetting å styrke samarbeidet mellom skular og bedrifter, gi elevar betre kunnskap om yrkesval og sikre at lokale bedrifter får den kompetansen det er behov for. Kompetanseprosjektet er betalt av kommunane i Nordhordland (50 %) og Hordaland fylkeskommune (50%). Det er eiga styringsgruppe for prosjektet, der fylket, kommunane og næringslivet er representert. Gjennom kompetanseprosjektet og andre tiltak har samarbeidet mellom skule og næringsliv vorte styrka over tid. Det er difor føremålstenleg at arbeidet i samarbeidsprosjektet byggjer vidare på relasjonane og dei eksisterande møtearenaene for samarbeid mellom skule og næringsliv.

Hordaland fylkeskommune vidarefører også kontakt og samarbeid med Opplæringskontoret, og rektorane ved Knarvik vgs og Austrheim vgs er med i styret for Opplæringskontoret (medlem/varamedlem).

### Overordna mål for samarbeidsprosjektet

Prosjektet skal bidra til å synleggjere og vidareutvikle samarbeidet, dei gode døma og dei gode samarbeidsstrukturane mellom skule og arbeidsliv. Det skal leggjast vekt på styrka fagmiljø, yrkesretting og relevans gjennom attraktiv og nyskapande opplæringsverksemd innan ulike utdanningsprogram i Nordhordland.

Prosjektet skal kartleggje i kva grad det kan vere mogleg å leggje meir av undervisninga i verksemdene og utvikle modellar for utprøving av praktisk undervisning i verksemdene t.d. ulike vekslingsmodellar og moglege forsøk innan prioriterte utdanningsprogram.

### Mandat (oppdrag)

- Samarbeidsprosjektet skal bidra til å utvikle nye undervisningsformer og kartleggje i kva grad det kan vere mogleg å søkje om forsøk, t.d. med fordeling av praksisopplæring og vurdering mellom skule og arbeidsliv. Dette arbeidet skal bidra til kunnskapsgrunnlag for å vurdere behov for nyinvesteringar.
- Gjennom dialog vil ein i prosjektet få fram kunnskapsgrunnlag for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland.
- Prosjektet vil følgje opp arbeidet med samfunnskontrakt og bidra til å styrke det systematiske samarbeidet mellom skule og arbeidsliv.
- Prosjektet vil leggje til rette for samarbeid med t.d. forskning, UH-sektoren, eksterne kompetansemiljø og Erasmus+ prosjekt.

Samarbeidsprosjektet skal bidra til meirverdi og resultat (effekt mål) ved at:



- ◆ Samfunnskontrakt og gode samarbeidsstrukturar og –prosjekt skal vere godt kjent i regionen, og talet på samfunnskontraktar og læreplassar skal ha auka år for år.
- ◆ Mål og rammer for samarbeid mellom skule og arbeidsliv skal vere avklara og forankra, og det skal vere enkle rutinar for avtalar om samarbeid. Samarbeidsavtalar mellom skule og enkelte verksemdar skal vere skriftlege og forpliktande så langt råd er.
- ◆ Modellar for utprøving av undervisning/praksisopplæring i verksemdene og nye undervisningsformer skal vere prøvd ut og evaluert innan 2020. Skulane skal ha prøvd ut ein modell innan eitt utdanningsprogram og utarbeidd rapport i samarbeid med arbeidslivet. Utdanningsprogram for utvikling / utprøving vil vere TIP ved Knarvik vgs og BA ved Austrheim vgs.
- ◆ Moglege modellar for å leggje meir av undervisninga i verksemdene skal gi eit visst grunnlag for å vurdere framtidig behov for og bruk av areal, arenaer og utstyr for opplæring i skule og bedrift, jf. vedtaket i Fylkestinget 04.10.16 om moglege nyinvesteringar.
- ◆ Ulike moglege løysingar og konsekvensar knytt til mogleg fordeling av fagtilbod / utdanningsprogram ved skulane skal vere vurdert og bidra til kunnskapsgrunnlag for dimensjonering og tilbodsstruktur ved rullering av skulebruksplanen.
- ◆ Sluttrapport og evaluering av samarbeidsprosjektet med konklusjonar og tilrådingar skal kunne nyttast i vidare utviklingsarbeid.

## Ressursar

Samarbeidsprosjektet med ulike aktivitetar vert i utgangspunktet lagt opp innan gjeldande budsjettammer. Avklaring av finansiering vert gjort for ulike tiltak, og det kan søkjast om midlar til prosjekt og/eller kompetanseutvikling. Hordaland fylkeskommune har fått tilsegn på midlar til Erasmus+ prosjektet for perioden 2017–2020.

Prosjektleiartillinga vert planlagt til om lag 20% første året i utviklingsfasen. I tillegg kjem det reisekostnader og kostnader til prosjektsamlingar og møteverksemd.

Stipulerte kostnader haust 2017 – vår 2019

	2017	2018	2019
Prosjektleiart	kr 75 000	kr 150 000	kr 75 000
Fagressurs skule	kr 75 000	kr 150 000	kr 75 000
Fagressurs næringsliv	kr -	kr 150 000	kr 75 000
Prosjektsamlingar	kr 25 000	kr 50 000	kr 25 000
<b>Sum</b>	<b>kr 175 000</b>	<b>kr 500 000</b>	<b>kr 250 000</b>
			<b>kr 925 000</b>

Ressursbehov og kostnader vidare må ein kome attende til i løpet av prosjektperioden.

## Aktivitets- og tidsplan

Samarbeidet omfattar perioden 2017-2020, og årlege framdriftsplanar/milepælsplanar vert utarbeidd.

Aktivitet	Tidsplan
Planleggingsfase	
Etablering av forum/arena på fylkesnivå for oppfølging av arbeidet og for å sikre samarbeid og samhandling med kommunane og næringslivet. Kartlegging av samarbeid og utforming av mandat for oppfølging av vedtak.	Vårhalvåret 2017
Utviklingsfase	
Prioritere og koordinere samarbeidsområde ut frå skulane sine utviklingsplanar og ut frå Nordhordland Regionråd og Nordhordland Næringslag sine mål og strategiar <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Synleggjere og dele gode erfaringar med samarbeidet skule-arbeidsliv i Nordhordland</li> <li>▪ Utarbeide årleg aktivitetsplan med felles mål skule og arbeidsliv, m.a. for Yrkesfagleg fordjuping</li> <li>▪ Fordele utdanningsprogram som er med i prosjektet mellom Knarvik vgs og Austrheim vgs og avklare deltaking/bidrag frå arbeidslivet i prosjektet</li> </ul>	Haustralvåret 2017

<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Motivere, involvere og engasjere bedrifter i samarbeidet, m.a. felles workshop mellom skulane og bedrifter (nov. -17)</li> </ul>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vurdere modellar for å organisere fag- og yrkesopplæring der meir av undervisninga skjer ute i bedrift</li> <li>▪ Følgje opp arbeid med samfunnskontrakt, rammer for samarbeidsavtalar og skriftlege avtalar mellom skular og arbeidsliv</li> <li>▪ Avklare deltaking i internasjonalt prosjekt (Erasmus+) i samarbeid med Regionalavdelinga, om utvikling av regionale senter (oppstart des. -17)</li> </ul>	Skuleåret 2017/18
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Vurdere moglege nye undervisningsformer og planlegge utprøving i praksis skuleåret 2018/19 og 2019/20</li> <li>▪ Bidra til å auke tal læreplassar</li> </ul>	Vårhalvåret 2018
Utpøvingsfase	
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Prøve ut modellar for praktisk undervisning ute i verksemdene etter avtalar med bedrifter knytt til TIP og BA (med undervegsevaluering)</li> <li>▪ Planlegge og gjennomføre kurs og kompetanseutvikling / hospitering knytt til aktuelle modellar for utprøving</li> </ul>	Skuleåra 2018/19 2019/20
Oppsummering og evaluering (kunnskapsgrunnlag)	
<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Oppsummere erfaringar og evaluere dei modellane for undervisning/ praksisopplæring som har vore prøvde ut i prosjektet</li> <li>▪ Drøfte grunnlag for fagtilbod og dimensjonering av vidaregåande opplæring ut frå <ul style="list-style-type: none"> <li>○ behov for kompetanse og framtidig fagtilbod ved dei vidaregåande skulane i Nordhordland</li> <li>○ behov for arbeidskraft, framtidige næringer og kompetansebehov i regionen</li> </ul> </li> <li>▪ Vurdere bruk av verkstad/bedrift for meir praktisk undervisning i verksemdene (behov og omfang)</li> <li>▪ Vurdere konsekvensar og mogleg behov for nyinvesteringar til skuleanlegg ved modell(ar) der meir av undervisninga vert gjort ute i verksemdene</li> </ul>	Skuleåret 2019/20

## Organisering

Samarbeidsforum på fylkesnivå tek sikte på å ha to møte i halvåret.

Samarbeidsforumet (styringsgruppe) på fylkesnivå vil framover vere samansett av:

Fylkesdirektør opplæring	Svein L. Heggheim
Regionleiar	Hillevi Runshaug
Leiar seksjon fagopplæring	Torbjørn Mjelstad
Leiar seksjon skule	Linda Farestveit
Spesialrådgjevar regionalavdelinga	Heidi Bjønnes Larsen
Rektor Knarvik vgs	Kari Espelund Bruvik
Avdelingsleiar Knarvik vgs	Rune Nesse
Rektor Austrheim vgs	Kjersti Daland Næss
Avdelingsleiar Austrheim vgs	Gurid Espe
Regionrådet Nordhordland	Øyvind Oddekalv
Nordhordland Næringslag (NONL)	Svein Nordvik

Andre representantar frå skuleleiinga og andre fagpersonar kan delta i samband med t.d. enkeltsaker og i samband med prosjektet knytt til regionsenterutvikling. Hovudtillitsvalde kan ha med ein representant om organisasjonane ønskjer det. Gulen og Masfjorden Næringsråd er medlem i NONL, og Gulen kommune er representert ved Regionrådet. Kontakten med Regionrådet Nordhordland vert styrka ved at regionrådet har ein representant i samarbeidsforum på fylkesnivå: Øyvind Oddekalv er leiar for «Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling» og representerer Regionrådet. Arbeidet vert koordinert med «Utval for næring- og samfunnsutvikling», og dessutan ved at saker og diskusjonar vert lagt fram for Regionrådet.

Prosjektet vert følgd opp gjennom tilrettelegging og koordinering av opplæringstilbodet med praktisk opplæring i bedrifter i regi av skulane i samarbeid med næringslivet. Prosjektet vert integrert i skulane sitt pedagogiske utviklingsarbeid, og tiltak vert utvikla i direkte samarbeid med bedrifter i tillegg til:

- Nordhordland Næringslag v/Svein Nordvik, Kompetanseutvalet (strategisk), der rektorane er representert.
- Nordhordland Næringslag, Kompetanseprosjektet v/Vivian Kårbø (operativt), der Hordaland fylkeskommune er representert i styret ved Kjell Helge Kleppstø.

### Korleis samarbeidsprosjektet heng saman med overordna mål og planar

Samarbeidsprosjektet skal følgje opp vedtaket og verbalforslaget, støtte og følgje opp arbeidet i lokalt prioriterte samarbeidstiltak mellom skular og arbeidsliv. Hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring vert knytt til utviklingsarbeidet. Fylkesrådmannen ser dessutan vedtaka og samarbeidsprosjektet i samanheng med verksemdstrategien:

#### *Overordna mål 1*

*Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.*

#### *Strategiar*

*1.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering*

*1.2 Styrkje samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv*

Arbeidet i prosjektet vert dels knytt til utvikling av regionen og oppfølging av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft og også Regional plan for attraktive senter.

For å lykkast med samarbeidsprosjektet vil ein leggje vekt på:

- Forankring i høve mål og mandat.
- Gjensidig vilje og forplikting mellom aktørane.
- Ivaretaking av fagkompetanse i skule og arbeidsliv og utvikling av kompetanse.
- Kapasitet til å følgje opp i form av tid og økonomi.
- Integrering i verksemdene og skulane som organisasjon og god samanheng med andre oppgåver og prosjekt.



Arkivnr: 2015/11453-89  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	44/17	29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

## Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland

### Samandrag

Styret for Fagskolane i Hordaland har i møte 05.05.2017 handsama sak PS 20/2017 «Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland» med følgjande alternativ:

#### Alternativ 0

Inga endring, dagens organisering med to fagskular vert vidareført.

#### Alternativ 1

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

#### Alternativ 2

Samanslåing vert gjennomført i samband med lokalisering av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg i 2023.

Styret gjorde følgjande vedtak:

«Styret for Fagskolane i Hordaland ber administrasjonen om å førebu ei sak til fylkestinget basert på alternativ 1:

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.»

### Forslag til innstilling

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.06.2017

Styret for Fagskolane i Hordaland har i møte 05.05.2017 handsama sak PS 20/2017 «Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland» og gjort følgjande vedtak:

«Styret for Fagskolane i Hordaland ber administrasjonen om å førebu ei sak til fylkestinget basert på alternativ 1:

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.»

Styret for Fagskolane i Hordaland bad om denne saka i samband med melding «RS 1/2017 Stortingsmelding 9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning» og tidlegare vedtak i fylkestinget 13.03.2013 i sak PS 5/13 om Fagskolane i Hordaland i samband med skulebruksplanen, der følgjande vedtak vart gjort:

«Fylkestinget vedtek ei administrativ samanslåing av fagskolane i Hordaland, til ein administrasjon for helsefagskolen og ein felles administrasjon for dei tekniske og maritime fagskolane. Fagskoletilboda vil framleis vere desentraliserte.

Vert finansieringsordninga på helsefag endra, vil fylkestinget vurdere å leggje alle fagskolane under ein administrasjon.»

I stortingsmelding 9 om fagskuleutdanning er det no vedteke ei endring i finansieringa av fagskuletilboda innanfor helse- og sosialfag. I dag er finansieringa til helsefaga i ei eiga ordning under Helsedirektoratet, men slik meldinga er vedteken, vil dei ulike tilskotsordningane verte slått saman og fylkeskommunane får i oppgåve å fordele midlar i eige fylke frå og med budsjettåret 2018.

I fylkestinget 07.03.2017 vart det handsama sak om utfordringar og moglegheiter for Fagskolane i Hordaland (PS 21/2017), og i samband med denne vart det mellom anna gjort eit vedtak om at fagskulestyret må klargjere mogleg flytting av helsefagskolen til Laksevåg i samband med flyttinga av Fagskolen i Hordaland. På bakgrunn av dette har fagskulestyret også vurdert tidsaspektet ved ei eventuell samanslåing.

Vidare vert det gjort greie for dagens situasjon ved Hordaland helsefagskole, konsekvensar ved ei samanslåing og til slutt tre alternativ i høve til framtidig organisering av helsefagskolen.

### Organisering, studenttal og tilsette ved Hordaland helsefagskole 2016/17

Hordaland helsefagskole er administrativt lokalisert i Fusa ved Fusa vidaregåande skule, medan undervisninga føregår på Nordnes ved Fagskolen i Hordaland. Hordaland helsefagskole har til saman 8 NOKUT-godkjende fagskuletilbod innan helse- og sosialfag og kan gje tilbod fleire stader i Hordaland. Som nemnt er det berre oppretta tilbod på Nordnes på noverande tidspunkt, og årsaka til det er at det er flest søkjarar frå Bergen og Bergen omland. Tilboda ved helsefagskolen er eitt år i omfang men vert gjeve på deltid over to år.

Utdanningstilbud	2016	2016	2017	2017
	Haust	Haust	Vår	Vår
	1. kl	2. kl	1. kl	2 .kl
Psykisk helsearbeid	22	9	18	4
Rehabilitering	16		12	
Spesialreinhald og sterilforsyning (stad)		18		18
Spesialreinhald og sterilforsyning (nett)		6		6
<b>Sum</b>	<b>38</b>	<b>33</b>	<b>30</b>	<b>28</b>

Tabell 1. Tilbod og tal på studentar ved Hordaland helsefagskole, studiestad Nordnes, skuleåret 2016/17, fordelt på semester og klasstrinn.

Tabell 1 over syner at det hausten 2016 var totalt 71 studentar ved Hordaland helsefagskole, og våren 2017 var det 58 studentar. Vidare syner tabellen at det er totalt 13 studentar som har slutta mellom haust- og vår- semesteret. Det er innan Psykisk helsearbeid og Rehabilitering det har vore fråfall, medan tilbodet Spesialreinhald har halde seg stabilt.

Det er totalt 5 årsverk ved Hordaland helsefagskole, og av desse vert 20 % kjøpt eksternt. Dei tilsette er knytt til Fusa vidaregåande skule, og nokon av dei tilsette har kontor plass her, medan nokre av dei tilsette har heimekontor på grunn av lang reiseveg når det ikkje er felles møtedag eller undervisning. Bakgrunnen for dette er at nokon tilsette ved Hordaland helsefagskole tidlegare var tilsett ved Fitjar fagskule, som i 2013 vart slått saman med Fusa fagskule (i dag Hordaland helsefagskole).

#### Økonomi – årsresultat 2016 og prognose 2017

Hordaland helsefagskole har samdrift med Fusa vgs, og skulen gjekk totalt sett med om lag 1,1 mill. i mindreforbruk i 2016, medan rekneskapen for helsefagskulen hadde eit meirforbruk på 1,2 mill. Årsaka til meirforbruk ved Hordaland helsefagskole er knytt til låge studenttal ved to tilbod i 2016. Det eine tilbodet vart fullført våren 2016, medan det andre tilbodet vart fullført våren 2017. Hausten 2016 gjorde fagskulestyret fleire grep for å oppnå betre balanse ved helsefagskulen. Det vart gjeve ei styrking på 2 mill. i skuleåret 2016/17 frå teknisk og maritim budsjetttramme, og det vart berre starta opp 2 nye tilbod som hadde høge nok søkjartal til balansert drift. Styrkinga var som nemnt for skuleåret 2016/17 og vert såleis fordelt over to budsjettår. Det vil seie at Hordaland helsefagskole fekk om lag 800 000,- for haustverknaden i 2016, og at dei resterande 1,2 mill. vert gjeve i budsjettåret 2017. Hordaland helsefagskole forventar ei betring i økonomien i 2017 med bakgrunn i større klassar og styrking av budsjettet. Skulen og har gjort ein prognose basert på inntekter og utgifter og ser føre seg at det vil verte eit meirforbruk på om lag 300 000,- i 2017.

#### **Konsekvensar ved ei samanslåing**

Personalet ved Hordaland helsefagskole har eit tilsetjingsforhold ved Fusa vidaregåande skule. Ved ei samanslåing av dei to fagskulane vil dei tilsette ved helsefagskulen få tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland. Dersom éin eller fleire tilsette blir verande igjen ved Fusa vgs etter samanslåinga, kan det verte ein overtalssituasjon ved Fusa vgs, men dette er sjølv sagt avhengig av ressurs situasjonen ved Fusa vgs skuleåret 2018/19. Ved ei samanslåing vert dei tilsette ivaretatt av omstillingsreglane i Hordaland fylkeskommune, og dei vil få god informasjon om rettar og prosessen knytt til omstillinga.

Ved ei samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vil helsefagskuletilboda dra nytte av stordriftsfordelane ved Fagskolen i Hordaland. Dette gjeld både i høve til administrasjon, vidare utvikling av tilboda og ein meir føreseieleg økonomisituasjon. Ein oppnår også eit tydeleg skilje mellom fagskule og vidaregåande skule i høve til budsjett og rekneskap, noko som mellom anna gjer det meir ryddig i høve til fordeling av eit eventuelt meir- eller mindreforbruk.

Hordaland helsefagskole har arbeidd mykje med marknadsføring og informasjonsarbeid for å auka rekrutteringa til skulen, og dette har gjeve noko resultat. Ein del av tilboda rekrutterer godt, medan andre tilbod får lite kvalifiserte søkjarar. Då distriktsfagskulane i Austevoll og på Voss vart lokalisert til dei større einingane i Bergen, fekk dei ein auke i søkjartala, og ein ser føre seg at dette er fordi tilboda vart meir synlege ved ein større skule. Det er usikkert om ei samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland vil gje same effekt. Søkjarane og studentane skil seg ein del frå studentane ved dei maritime og tekniske faga fordi dei ofte i større grad er avhengig av god tilrettelegging frå arbeidsgjevar. Likevel vil det vere meir tilgjengelege ressursar til marknadsføring ved ein stor skule som har stordriftsfordelar, og dette kan gje auka rekruttering på sikt.

Sidan fylkeskommunane tok over forvaltingsansvaret for fagskulane i 2010, har krav til dokumentasjon, rapportering og kvalitet i utdanninga berre auka, og dette set større krav til administrasjon i høve til eit meir spesialisert kompetansebehov. «NOU 2014: 14 Fagskole – et attraktivt utdanningsvalg» og Stortingsmelding 9 (2016/17) peikar begge på at det er naudsynt å etablere større einingar som kan tilby desentralisert utdanning ved ulike studiestader i regionane i høve til kompetansebehovet. Stortingsmelidinga tilrår også at ein i større grad skil mellom leiing av vidaregåande skule og fagskule i høve til tydeleg plassering av fagleg og administrativ leiing av fagskulen ved skular som er kombinert fagskule og vgs. Ved å slå saman dei to fagskulane til éin rein fagskule vil ein oppnå dette.

Hordaland helsefagskole fungerer fagleg godt og leverer kvalitet. Studentar og arbeidsgjevarar gjev gode tilbakemeldingar i høve til tilbodet ved fagskulen, og ved ei eventuell samanslåing vil det vere viktig å vidareføre denne kvaliteten og det faglege miljøet. Ei samanslåing vil ikkje gje store faglege synergjar i høve til helsefaga fordi Fagskolen i Hordaland ikkje har helsetilbod på noverande tidspunkt. Dei pedagogisk tilsette ved helsefagskulen er i dag knytt til Helse- og oppvekstmiljøet ved Fusa vgs, og dette gjev dei tilgang til eit større fagmiljø. Likevel kan ei samanslåing gje andre faglege gevinstar med tanke på nye tilbod innan til dømes velferdsteknologi eller innan framtidige helsefagutdanningar som er to år i omfang med felles allmenne fag og leiarfag.

Ei samanslåing kan gje større økonomisk påkjenning for Fagskolen i Hordaland dersom ikkje rekrutterings- og fullføringsgraden vert forbetra ved helsefagskuletilboda. Fagskolen i Hordaland har stordriftsfordelar og kan drifte nokre små klassar som ikkje er fullfinansierte, men det er ei grense for kor mange små klassar ein kan starte opp kvart år om ein skal oppnå eit balansert årsresultat. Samtidig kan det sjå ut som at det er færre små klassar ved Fagskolen i Hordaland no enn tidlegare fordi dei små tilboda rekrutterer betre enn før, og dette vil i så fall gje rom for å prioritere helsefagtilboda i framtida sjølv om rekrutterings- og fullføringsgraden ikkje vert betra på kort sikt.

### **Alternativ for framtidig organisering**

#### Alternativ 0

Ingen endring, dagens organisering med to fagskular vert vidareført.

#### Alternativ 1

Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.

#### Alternativ 2

Samanslåing vert gjennomført i samband med lokalisering av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg i 2023.



### **Fylkesrådmannen sin tilråding**

På bakgrunn av fagskulestyret sitt vedtak og alternativa over vil fylkesrådmannen tilrå alternativ 1:

«Hordaland helsefagskole vert slått saman med Fagskolen i Hordaland 01. januar 2018, og det vert oppretta ei eiga avdeling for helsefag ved Fagskolen i Hordaland. Dei tilsette ved Hordaland helsefagskole får tilbod om overføring til Fagskolen i Hordaland innan august 2018.»

Det er viktig for framtida til helsefagskuletilboda å stimulere til betre økonomiske føresetnader og ein styrka administrasjon, og ei samanslåing av dei to fagskulane vil bidra til dette.

Ved alternativ 1 vil Fagskolen i Hordaland frå januar til august 2018 kjøpe ressurs frå Fusa vidaregåande skule for å drifta helsefagskuletilboda fram til overføring av personale er gjennomført. Dette gjev Fusa vgs og Fagskolen i Hordaland eit halvt år til å planleggje ressursfordelinga for skuleåret 2017/18 i samband med klassesak / tilbodsstruktur, samtidig som dei tilsette vert ivaretatt i omstillingsprosessen.

Det er ønskjeleg å ivareta dei tilsette ved helsefaga, og Fagskolen i Hordaland vil leggje til rette for dei som har lang reiseveg slik at dei ikkje må reise til Nordnes kvar dag. Dei tilsette ved helsefagskulen kan få høve til å ha heimekontor når det ikkje er undervisning, oppfølging i praksis eller felles samlingsdag. Det er også høve til å leggje til rette med lån av møteplass og eventuelt videorom ved ein skule som ligg nær der lærarane bur.

Fordelen med samanslåing i samband med årsskifte er at det vert enklare å reindyrke og skilje rekneskap og økonomi. Fagskolen i Hordaland har gode erfaringar med å slå saman ved årsskifte framfor ved nytt skuleår. Ei samanslåing ved årsskifte vil også sørgje for at det ikkje vert endringar for studentane som alt er i utdanning på Nordnes, fordi dei vil behalde same lokale og personale.

Ei samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland må handsamast i fylkestinget, og dette kan tidlegast skje i oktober 2017. På bakgrunn av dette vil det vere svært kort tid frå eit eventuelt vedtak i fylkestinget om samanslåing til 1. januar 2018. Det vil derfor vere naudsynt å førebu delar av prosessane ved ei samanslåing før sjølve vedtaket ligg føre, slik at ein får ein god prosess dersom fylkestinget vedtek samanslåing.



Arkivnr: 2017/13507-2  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	45/17	29.08.2017
Utval for opplæring og helse		05.09.2017

## Høyringsuttale - forslag til ny lov om fagskoleutdanning og endringar i studentsamskipnadslova

### Samandrag

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til ny lov om fagskoleutdanning og endringar i studentsamskipnadslova på høyring. Forslaget til ny lov er ei oppfølging av Meld.St.9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden* og skal erstatte gjeldande fagskulelov av 20. juni 2003 nr. 56. I tillegg inneheld høyringsnotatet forslag til endring i lov om studentsamskipnader av 14. desember 2007 nr. 116. Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak forslag til ny fagskulelov og endringar i studentsamskipnadslova, men har nokre kommentarar. Dette gjeld ei presisering i § 11 om at styret sjølv skal tilsette rektor ved fagskulen. Vidare ber departementet om høyringsinstansane sitt syn på føresegner i høve til studiepoeng, gradstildeling og tilknytning til studentsamskipnad, og Hordaland fylkeskommune gjev kommentarar til dette.

### Forslag til vedtak

Forslag til høyringsuttale vert vedteke slik det kjem fram av saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Oversendelsesbrev - høyringsnotat om ny fagskulelov(1194507)(1)
- 2 Høyringsnotat, lovutkast og lovspeil - 28 juni(1194850)(1)

## Fylkesrådmannen, 11.08.2017

Kunnskapsdepartementet har sendt forslag til ny lov om fagskoleutdanning og endringar i studentsamskipnadslova på høyring med frist 30. september 2017. Forslaget til ny lov er ei oppfølging av Meld.St.9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden* og skal erstatte gjeldande fagskulelov av 20. juni 2003 nr. 56. I tillegg inneheld høyringsnotatet forslag til endring i lov om studentsamskipnader av 14. desember 2007 nr. 116 (oversendingsbrev og høyringsnotat ligg vedlagt).

Bakgrunnen for at Kunnskapsdepartementet føreslår at det vert fastsett ei ny lov om fagskular, er at oppfølginga av fagskulemeldinga fører til mange nye lovendringar. I tillegg meiner departementet at det er behov for å føreslå endringar i struktur og i språkdrakt i lova.

Dei viktigaste forslaga til endringar er:

- Utviding av styret for fagskulane til minst sju medlemmer
- Stemmerett for studentar og tilsette i fagskulen sitt styre
- To styrerepresentantar skal vere knytt til relevant arbeidsliv, helst med regional tilknytning
- Samordning og synleggjering av opptaket til fagskuleutdanningane
- Fagskulepoeng vert studiepoeng
- Høve til å kunne tilby treårig fagskuleutdanning som eit unntak
- Endringar i omgrep

Vidare har Stortinget bede departementet om å vurdere å lovfeste ei plikt for fagskular til å vere knytt til ein studentsamskipnad. Eit eventuelt forslag om slik plikt vil måtte utgreiast grundigare, og departementet ber høyringsinstansane om deira syn på om dette bør verte lovfesta.

## Forslag til høyringsuttale

Hordaland fylkeskommune er godt nøgd med departementet sitt forslag til ny fagskulelov, som i større grad tydeleggjer ansvar og roller i høve til drift og leining av fagskulane. Vidare er det svært positivt at lova blir meir lik Universitets- og høgskulelova i høve til språkbruk og studentane sine rettar. Hordaland fylkeskommune støttar i hovudsak forslag til ny fagskulelov, men med nokre kommentarar.

### Kapittel 3. Organisering av fagskolen, § 11 Administrativ og faglig ledelse første ledd

Det er bra at rektor si rolle vert definert i den nye fagskulelova, men for fylkeskommunar kan det vere uklart om tilsetting av rektor ved fagskulen (spesielt ved kombinert fagskule og vidaregåande skule) kan delegerast til fylkesadministrasjonen. Hordaland fylkeskommune føreslår derfor at § 11 første ledd, andre setning vert endra som følgjer;

Departementet sitt forslag:

#### *§ 11 Administrativ og faglig ledelse*

(1) Fagskolen skal ha en rektor. Styret skal tilsette rektor ved fagskolen. Ansettelsesprosessen skal sikre at skolen får en rektor som har nødvendig fag- og lederkompetanse, og at studentene og de ansatte blir hørt.

Hordaland fylkeskommune sitt forslag:

#### *§ 11 Administrativ og faglig ledelse*

(1) Fagskolen skal ha en rektor. Styret selv skal tilsette rektor ved fagskolen. Ansettelsesprosessen skal sikre at skolen får en rektor som har nødvendig fag- og lederkompetanse, og at studentene og de ansatte blir hørt.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at departementet meiner at styret sjølv skal tilsette rektor, og det bør derfor også kome klart fram av lovteksten.

### Studiepoeng

I den nye fagskulelova skal fagskulepoeng erstattast med studiepoeng jf. vedtak i stortingsmeldinga om fagskuleutdanning. Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på om tidlegare studentar som får skrive ut nytt vitnemål, bør få omgjort fagskulepoeng til studiepoeng. Hordaland fylkeskommune meiner at endringa frå fagskulepoeng til studiepoeng bør ha tilbakeverkande kraft slik at studentar som tidlegare har fått fagskulepoeng, også skal kunne ha nytte av denne endringa. Dette kan bidra til at næringslivet og andre i samfunnet enklare forstår omfanget og nivåplasseringa av utdanningane.

### Gradstildeling

Både Stortinget og departementet har gjeve sin tilslutnad til at fagskuleutdanningar som er på 60 studiepoeng eller meir, skal gje ein gradstittel, og departementet føreslår at gradstittelen «fagskulekandidat» vert nytta. Departementet ber likevel om høyringsinstansane sitt syn på dette. Hordaland fylkeskommune meiner at gradstittelen «fagskulekandidat» er dekkjande i høve til dagens omgrep på skuleslaget, men i høve til diskusjonen om omgrepet fagskule er eit namn som gjev assosiasjonar til yrkesutdanning i vidaregåande skule, og endringa av fagskuleutdanning til høgare yrkesfagleg utdanning, bør det vurderast om det vil vere føremålstenleg å endre namn på både skuleslaget og gradstittelen.

### Tilknytning til studentsamskipnad

Hordaland fylkeskommune støttar endringar i studentsamskipnadslova og meiner det er riktig at fagskulane skal ha fullverdig tilknytning utan særleg tilpassing. Departementet ber høyringsinstansane om å vurdere om fagskulane skal ha ei lovfesta plikt eller berre rett til å vere medlem i ein studentsamskipnad, og Hordaland fylkeskommune meiner at fagskulane bør ha ei lovfesta plikt til å vere medlem på lik line med andre høgare utdanningsinstitusjonar.



DET KONGELIGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

I følge liste

Deres ref	Vår ref	Dato
	17/3201	28.06.2017

Kunnskapsdepartementet sender med dette forslag om ny lov om fagskoleutdanning og endringer i studentsamskipnadsloven på høring. Forslaget er en oppfølging av Meld.St.9 (2016-2017) Fagfolk for fremtiden, og inneholder forslag til ny lov om fagskoleutdanning. Ny lov skal erstatte gjeldende fagskolelov av 20. juni 2003 nr. 56. I tillegg inneholder høringsnotatet forslag til endring i lov om studentsamskipnader av 14. desember 2007 nr. 116.

Vedlagt følger høringsnotatet, utkast til ny lov og lovspeil.

**De viktigste forslagene i høringsnotatet:**

Kunnskapsdepartementet foreslår at det fastsettes en ny lov om fagskoler. Begrunnelse for dette er at oppfølgingen av Fagskolemeldingen innebærer mange nye lovendringer. I tillegg ser departementet et behov for å foreslå endringer i struktur og i språkdrakt i loven.

De viktigste innholdsmessige forslagene er:

- Utvidelse av styret til minst sju medlemmer
- Stemmerett for studenter og ansatte i fagskolens styre
- To styrerepresentanter skal være tilknyttet relevant arbeidsliv, fortrinnsvis med regionalt tilknytning
- Samordning og synliggjøring av opptaket
- Fagskolepoeng blir studiepoeng
- Mulighet for å unntaksvis kunne tilby treårig fagskoleutdanning
- Endring i begreper
- Stortinget har bedt departementet om å vurdere å lovfestes en plikt for fagskoler til å være tilknyttet en studentsamskipnad. Et eventuelt forslag om slik plikt vil måtte

Postadresse  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse  
Kirkeg. 18  
www.kd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
872 417 842

Avdeling

Saksbehandler  
Karin Helle  
22 24 78 50

utredes grundigere, men vi ber om høringsinstansenes foreløpige syn på om dette bør lovfestes.

### **Nærmere om utformingen av ny lov**

Departementet foreslår at ny lov deles inn i kapitler. De fleste bestemmelsene i gjeldende lov videreføres i ny lov, slik at det rettslige innhold i hovedsak vil være tilsvarende gjeldende fagskolelov. Vi gjør oppmerksom på at de siste endringene Stortinget vedtok i mars 2017 først skal tre i kraft 1. januar 2018, jf. Prop.44 L (2016-2017) og Innst. 225 S (2016-2017).

Kunnskapsdepartementet har hatt et nært samarbeid med Språkrådet som en del av Klarspråk-prosjektet. I dette arbeidet har departementet forelagt utkast til lovteksten for Språkrådet og sammen kommet frem til en lovtekst som vi mener er mer presis og enklere å forstå. Klarspråk-prosjektet har ført til at mange bestemmelser har fått en ny og enklere språkdrakt, men uten at gjeldende rett og innholdet i bestemmelsene er endret.

### **Leseveiledning**

I lovutkastet markeres det i tittelen til den enkelte bestemmelse hvilken gjeldende bestemmelse som erstattes, eller om bestemmelsen er ny. Lovspeilet angir videre hvilken bestemmelse som erstatter gammel bestemmelse, også de som følger av Prop.44 L (2016-2017) som ikke er trådt i kraft. Det er også markert hvilket tiltak i fagskolemeldingen som følges opp i den enkelte endringen.

### **Høringsssvar**

Høringsnotatet er tilgjengelig på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no). Vi ber om at høringsuttalelser sendes elektronisk ved bruk av den digitale løsningen for høringsuttalelser på [www.regjeringen.no/id2557910](http://www.regjeringen.no/id2557910). Høringsfristen er **30. september 2017**.

Med hilsen

Anne Grøholt (e.f.)  
avdelingsdirektør

Karin Helle  
seniorrådgiver

Vedlegg

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

**Liste over høringsinstanser:**

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen  
AOF Haugaland  
AOF Hordaland - Sogn og Fjordane  
AOF Norge  
AOF Østfold  
Art Complexion makeup skole og kurscenter  
Beverage Academy AS  
Bodin videregående skole og maritime fagskole  
Bårdar Akademiet AS  
Centric IT Academy  
Chr. Thams fagskole  
Designinstituttet  
Det tverrfaglige kunstinstitutt  
Dykkerutdanningen ved Høgskolen i Bergen  
eCademy AS  
Einar Granum Kunstfagskole  
Emergence School of Leadership  
European Helicopter Center AS  
Fabrikken Asker Kunstfagskole  
Fagskole Helse og miljø  
Fagskolen Aldring og helse  
Fagskolen for bokbransjen  
Fagskolen i Hordaland  
Fagskolen i Kirkenes  
Fagskolen i Kristiansand  
Fagskolen i Kristiansund  
Fagskolen i Troms av. Nord-Troms videregående skole  
Fagskolen i Vestfold  
Fagskolen i Østfold  
Fagskolen i Ålesund  
Fagskolen Innlandet  
Fagskolen Oslo Akershus  
Fagskolen Telemark  
Fagskolen Tinius Olsen  
Fagskolen Troms, avd. Harstad tekniske fagskole  
Fagskolen Troms, avdeling Tromsø  
Fagskolen i Sogn og Fjordane  
Fashion Mode AS  
Folkeuniversitetets helsefagskole  
Fredrikstad FagAkademi AS  
Frelsesarmeens offiserskole  
Gauldal fagskole  
Hadsel videregående skole og fagskole  
Hald Internasjonale Senter

Haugesund Skolesenter AS  
Hordaland helsefagskole  
Høyskolen Kristiania - fagskolestudier  
Imageakademiet  
Institutt for helhetsmedisin  
Karmsund videregående skole  
Kunst og Design College  
Kunstskolen i Bergen  
Kunstskolen i Rogaland  
Levanger Fagskole  
Lofoten maritime fagskole  
Lofoten reiselivfagskole  
Luffartsskolen AS  
Lukas fagskole og kurscenter  
Menighetsbibelskolen  
NKI AS  
Nordkapp maritime fagskole og vgs skole  
Nordland fagskole i helse-og sosialfag  
Nordland kunst- og filmfagskole  
Norges Interiørskole AS  
Noroff Fagskole AS  
Norsk Fotofagskole  
Norsk Hestesenter  
Norsk jernbaneskole  
Norwegian Drilling Academy AS, NORTRAIN  
Pilot Flight Academy AS  
Stavanger offshore tekniske skole  
Steinkjer fagskole  
Stiftelsen Rogaland Kurs og Kompetansesenter  
Stjørdal fagskole  
Sørlandets fagskole  
TISIP Fagskole  
Tone Lise Akademiet AS  
Treider Fagskoler AS  
Trondheim fagskole  
Tunsberg Medisinske Skole  
Ytre Namdal fagskole  
Ålesund kunstfagskole  
Arbeids- og sosialdepartementet  
Barne- og likestillingsdepartementet  
Finansdepartementet  
Forsvarsdepartementet  
Helse- og omsorgsdepartementet  
Justis- og beredskapsdepartementet



Klima- og miljødepartementet  
Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Kulturdepartementet  
Landbruks- og matdepartementet  
Nærings- og fiskeridepartementet  
Olje- og energidepartementet  
Samferdselsdepartementet  
Utenriksdepartementet  
Akershus fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Nordland fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Oppland fylkeskommune  
Oslo kommune  
Rogaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder  
Fylkesmannen i Buskerud  
Fylkesmannen i Finnmark  
Fylkesmannen i Hedmark  
Fylkesmannen i Hordaland  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Fylkesmannen i Nordland  
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag  
Fylkesmannen i Oppland  
Fylkesmannen i Oslo og Akershus  
Fylkesmannen i Rogaland  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag  
Fylkesmannen i Telemark  
Fylkesmannen i Troms  
Fylkesmannen i Vestfold  
Fylkesmannen i Østfold

Atlantis Medisinske Høgskole  
Bjørknes høyskole  
Musikkteaterhøyskolen  
Noroff høyskole  
Norsk barnebokinstitut  
Norsk Gestaltinstitut AS Høgskole  
Norsk høgskole for helhetsterapi  
Skrivekunstakademiet  
Ansgar Teologiske Høgskole  
Barrat Due musikkinstitut  
Bergen Arkitekthøgskole  
Campus Kristiania Markedshøyskolen  
Det teologiske Menighetsfakultet  
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning  
Fjellhaug Internasjonale Høgskole  
Handelshøyskolen BI  
Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling  
Høyskolen Diakonova  
Høyskolen for Ledelse og Teologi  
Lovisenberg diakonale høgskole  
NLA Høgskolen  
Norges Dansehøyskole  
Steinerhøyskolen  
VID vitenskapelige høgskole  
Westerdals - Oslo School of Arts Communication and Technology  
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo  
Høgskolen i Innlandet  
Høgskolen i Molde vitenskapelig høgskole i logistikk  
Høgskolen i Oslo og Akershus  
Høgskolen i Sørøst-Norge  
Høgskolen i Østfold  
Høgskulen i Volda  
Høgskulen på Vestlandet  
Kunsthøgskolen i Oslo  
Nord universitet  
Norges Handelshøyskole  
Norges idrettshøgskole  
Norges miljø- og biovitenskapelige universitet  
Norges musikkhøgskole  
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet  
Samisk høgskole  
Universitetet i Agder  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Oslo

Universitetet i Stavanger  
Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet  
Akademikerforbundet  
Arkitektenes Fagforbund  
Bibliotekarforbundet  
Den Norske Jordmorforening  
Den norske legeforening  
Den norske tannlegeforening  
Den norske veterinærforening  
Det norske Diakonforbund  
Econa  
Fellesorganisasjonen  
Forskerforbundet  
Musikernes fellesorganisasjon  
Naturviterne  
Norges Farmaceutiske Forening  
Norges Ingeniør- og Teknologorganisasjon  
Norges Juristforbund  
Norsk ergoterapeutforbund  
Norsk Fysioterapeutforbund  
Norsk Lektorlag  
Norsk psykologforening  
Norsk Radiografforbund  
Norsk Sykepleierforbund  
Norsk tjenestemannslag  
Parat  
Presteforeningen  
Samfunnsviterne  
Samfunnsøkonomene  
Skolelederforbundet  
Skolenes landsforbund  
STAFO  
Tekna - Teknisk-naturvitenskapelig forening  
Utdanningsforbundet  
Landsorganisasjonen i Norge  
Næringslivets Hovedorganisasjon  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund  
Unio  
Arbeidsgiverforeningen Spekter  
Hovedorganisasjonen Virke  
Akademikerne  
Kompetanse Norge  
Norges forskningsråd  
Norges grønne fagskole - Vea

Senter for IKT i utdanningen  
Senter for internasjonalisering av utdanning  
Statens lånekasse for utdanning  
Utdanningsdirektoratet  
Lærernes Yrkesforbund  
Association of Norwegian Students Abroad  
Nord studentsamskipnad  
Norges arktiske studentsamskipnad  
Studentsamskipnaden i Agder  
Studentsamskipnaden i Gjøvik, Ålesund og Trondheim  
Studentsamskipnaden i Indre Finnmark  
Studentsamskipnaden i Innlandet  
Studentsamskipnaden i Molde  
Studentsamskipnaden i Oppland  
Studentsamskipnaden i Oslo og Akershus  
Studentsamskipnaden i Stavanger  
Studentsamskipnaden i Sørøst-Norge  
Studentsamskipnaden i Volda  
Studentsamskipnaden i Østfold  
Studentsamskipnaden i Ås  
Studentsamskipnaden på Vestlandet  
Nettverk for private høyskoler  
Universitets- og høgskolerådet  
Forsvarets høgskole  
Forsvarets etterretningshøgskole  
Luftkrigsskolen  
Krigsskolen  
Sjøkrigsskolen  
Politi høgskolen  
Kriminalomsorgens utdanningssenter  
Reglerådet for næringslivet  
Riksrevisjonen  
Sametinget  
Organisasjon for norske fagskolestudenter  
Akademiet for yngre forskere  
Delta  
Norsk senter for menneskerettigheter  
Norsk presseforbund  
Den norske Forleggerforening  
Steinerskoleforbundet  
Universitetssenteret på Svalbard  
CERES  
UNINETT AS  
Samskipnadsrådet

Forum for fagskoler - Abelia  
Studieforbundet Folkeuniversitetet  
Studieforbundet natur og miljø  
Studieforbundet næring og samfunn  
Norgesuniversitetet  
Helse Midt-Norge RHF  
Helse Nord  
Helse Sør-Øst RHF  
Helse Vest RHF  
Innovasjon Norge  
Likestillings- og diskrimineringsombudet  
Integrerings- og mangfoldsdirektoratet  
Kriminalomsorgsdirektoratet  
Forbrukerombudet  
Forbrukerrådet  
Datatilsynet  
Statistisk sentralbyrå  
Norges tekniske vitenskapsakademi  
KS  
Oslo kommune – Utdanningsetaten  
Helsedirektoratet  
Statens helsetilsyn  
Statens autorisasjonskontor for helsepersonell  
Folkehelseinstituttet  
Sintef Teknologiledelse /STEP  
Statlig spesialpedagogisk støttesystem  
Norges Handikapforbund  
Unge funksjonshemmede  
Dysleksi Norge  
Funksjonshemmedes fellesorganisasjon  
Norges Døveforbund  
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner  
Statens råd for likestilling av funksjonshemmede  
Synshemmede Akademikeres Forening  
Elevorganisasjonen  
Landslaget for matematikk i skolen  
Nasjonalt Fagråd for Utøvede musikkutdanning og Musikkvitenskap  
Friluftsrådernes Landsforbund  
Private Barnehagers Landsforbund  
Folkehøgskolerådet  
Kristne Friskolers Forbund  
Det norske maskinistforbund  
Fiskebåtrederens Forbund  
Maskinentreprenørenes Forbund – MEF

Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring  
Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helse- og sosialfag  
Norges Bonde- og Småbrukarlag  
Norges Bondelag  
Norges Fiskarlag  
Norges Rederiforbund  
Norges Sjøoffisersforbund  
Fleksibel utdanning Norge  
Norsk Kulturskoleråd  
Norske Fag- og Friskolers Landsforbund  
Samarbeidsrådet for yrkesopplæring  
Sjøfartsdirektoratet  
Rådet for offentlige fagskoler  
Utdanning.no



# **HØRINGSNOTAT**

**NY**

## **FAGSKOLELOV**

**med utkast til lovtekst**

**og lovspeil**

-

**Oppfølging av Meld.St.9**

**(2016-2017)**

**Fagfolk for fremtiden**

**Fagskoleutdanning**

**28. juni 2017**



## Innhold

1.	Innledning.....	5
1.1	Bakgrunn for høringen.....	5
1.2	Kort omtale av lovendringer i 2016 og 2017 .....	5
2.	Forslagets hovedinnhold.....	6
2.1	Fagskoleloven .....	6
2.2	Studentsamskipnadsloven .....	7
3.	Lovstruktur .....	7
3.1	Bakgrunn.....	7
3.2	Departementets vurdering og forslag.....	7
4.	Presisering av ansvaret for fagskoleutdanning og fagskolene.....	8
4.1	Forholdet mellom fagskoleloven og kommuneloven, aksjeloven og stiftelsesloven .....	8
4.2	Fylkeskommunalt ansvar .....	9
4.3	Begrepet "tilbyder" .....	9
4.3.1	Bakgrunn .....	9
4.3.2	Gjeldende rett .....	9
4.3.3	Departementets vurdering .....	10
5.	Lovens formål.....	10
5.1	Bakgrunn for forslaget .....	10
5.2	Gjeldende rett.....	11
5.3	Departementets vurdering og forslag.....	11
6.	Lovens virkeområde .....	12
6.1	Bakgrunn for forslaget .....	12
6.2	Gjeldende rett.....	12
6.3	Departementets vurdering og forslag.....	12
7.	Akkreditering av fagskoleutdanning .....	13
7.1	Bakgrunn for forslaget .....	13
7.2	Gjeldende rett.....	13
7.3	Departementets vurdering og forslag.....	13
8.	Unntakshjemmel for at fagskoleutdanning kan ha tre års omfang .....	14
8.1	Bakgrunn for forslaget .....	14
8.2	Gjeldende rett.....	14
8.3	Departementets vurdering og forslag.....	14

9.	Godskriving og fritak .....	15
9.1	Bakgrunn for forslaget .....	15
9.2	Gjeldende rett.....	15
9.3	Departementets vurderinger og forslag.....	15
10.	Organisering av fagskolen og styrets ansvar .....	17
10.1	Bakgrunn for forslaget .....	17
10.2	Gjeldende rett.....	17
10.3	Departementets vurdering og forslag.....	18
10.3.1	Styret ved fagskolen .....	18
10.3.2	Styrets sammensetning .....	18
10.3.3	Administrativ og faglig ledelse ved fagskolen .....	20
11.	Tilrettelegging for studentorgan .....	21
11.1	Bakgrunn for forslaget .....	21
11.2	Gjeldende rett.....	21
11.3	Departementets vurdering og forslag.....	22
12.	Opptak .....	22
12.1	Bakgrunn for forslaget .....	22
12.2	Gjeldende rett.....	23
12.3	Departementets vurdering og forslag.....	23
12.3.1	Opptaksgrunnlag.....	23
12.3.2	Opptak på grunnlag av realkompetanse - aldersgrense .....	24
12.3.3	Felles forskrift om opptak .....	24
12.3.4	Nasjonal samordning av opptaket: .....	25
13.	Studiepoeng .....	25
13.1	Bakgrunn for forslaget .....	25
13.2	Gjeldende rett.....	25
13.3	Departementets vurdering og forslag.....	25
14.	Gradstildeling .....	26
14.1	Bakgrunn.....	26
14.2	Gjeldende rett.....	26
14.3	Departementets vurdering og forslag.....	26
15.	Vurdering av skikkethet .....	27
15.1	Bakgrunn for forslaget .....	27
15.2	Gjeldende rett.....	27
15.3	Departementets vurderinger og forslag.....	27
16.	Fremleggelse av politiattest.....	28
16.1	Bakgrunn for forslaget .....	28

16.2 Gjeldende rett.....	28
16.3 Departementets vurderinger og forslag.....	28
17. Rett til foreldrepermisjon og permisjon i forbindelse med fødsel.....	29
17.1 Bakgrunn for forslaget og gjeldende rett .....	29
17.2 Departementets vurdering og forslag.....	29
18. Nasjonal vitnemåls- og karakterportal.....	30
18.1 Bakgrunn for forslaget .....	30
18.2 Gjeldende rett.....	30
